



DET TEOLOGISKE
MENIGHETSAKULTET

Drivkrafta i bøn

Ein praktisk-teologisk analyse av
888 bønetekstar ved eit sjukehus

Leni Mæland

Rettleiar

Professor Leif Gunnar Engedal

*Masteroppgåva er gjennomført som ledd i utdanninga ved
Det teologiske Menighetsfakultet og er godkjent som del av denne utdanninga.*

Det teologiske menighetsfakultet, 2015, haust

”Jeg ønsker at barna mine skal komme hjem”
”Jeg trenger en mann og en familie”
”Jeg vil at du skal vite at jeg er lei meg for det som skjedde...”
”Jeg trenger et nytt hjerte”
”Jeg vil se min far igjen”
”Jeg ber om at legene ved sykehuset skal bli velsignet”
”Jeg vil bli fri fra angst”
”Jeg ber for familiefesten til helgen”
”Jeg vil ha tilbake vennene mine”
”Jeg håper min bror skal bli fri fra rus”
”Jeg ber om at Gud skal ta imot mamma når hun dør”

Utdrag fra bønetekstane
ved Stavanger Universitetssjukehus

Så mange ønsker. Så mye lengsel. Og så mye smerte som ligger like under overflaten, bare noen minutter ned. Skjebnen smerter. Tilværelsen smerter. En smerte som alltid er summende til stede, like under livshinnen. Smerte som bare er så altfor lett tilgjengelig. Mange ting – (...) noen minutters dyp ettertanke, et kunstverk, en preken, en personlig krise, det å miste noe eller noen – minner oss om at våre inderligste ønsker aldri kan oppfylles: ønsket om ungdom, om å stanse aldringsprosessen, om at de som er borte må komme tilbake, om evig kjærlighet, om beskyttelse, betydningsfullhet og om selve udødeligheten. Det er når disse uoppnåelige ønskene begynner å dominere livet at vi henvender oss til venner, familie eller religionen for å få hjelp – og av og til går vi til psykoterapeuter

Irvin D. Yalom
frå *Kjærlighetens bøddel* (1997)

Innholdsfortegnelse

Takk	5
I. Innleiing	6
Problemstilling.....	7
Bakgrunn for praksis	7
Tidlegare studiar om bøn	9
II. Metode og teoretisk rammeverk.....	13
Eit hermeneutisk innsteg: Paul Ricœur.....	13
Temakretsar og analysekriterier	15
Ei interdisiplinær tilnærming.....	17
Førforståing.....	18
Forskingsetiske refleksjonar.....	19
III. Analyse	21
Analyse av heilskapen.....	21
Kontekstanalyse	21
Språk og sjanger	23
Avsendar og adressat	24
Temakrets og type bøn.....	25
Bøn for kropp og helse.....	25
Bøn i nære relasjonar	26
Bøn om Guds nærvær.....	27
Bøna si vending.....	27
Del-analyse	28
Bøner bedt i naud.....	29
Bøner om helbreding.....	29
Bøner om overgjeving.....	30
Bøner for vener og familie.....	31
Bøner om forsoning	32
Bøner i sorg.....	33
Kvardagsbøner	33
Takkebøner.....	35
Bøner om velsigning	35
IV. Teoretiske perspektiv på analysen av bønetekstar.....	38
Perspektiv frå eksistensialistisk filosofi.....	38

Menneske i relasjonell kontekst	38
Fire dimensjonar	39
Den fysiske dimensjonen	41
Den sosiale dimensjonen	42
Den personlege dimensjonen	44
Den andeleg dimensjonen.....	45
Religionspsykologiske perspektiv på bønetekstane.....	47
Bøn som "Primary Speech"	47
Eit utviklingsperspektiv på bøna si vending og tema i bøn	49
Begjær og frykt i bøn	51
Perspektiv frå klassisk kristen spiritualitet	53
Presentasjon av The Interior Castle.....	54
Bøn endrar den som ber	55
Gud i bøn.....	56
Kjærleik i bøn.....	56
Indre helbreding.....	57
Takk og velsigning i bøn.....	58
V. Oppsummering	60
Referanseliste	65
Appendix 1. Analyse av type bøn og vendinga i bønene i tre ulike temakretsar ..	68

Takk

Takk til rettleiar Leif Gunnar Engedal for tålmod og tru på prosjektet.

Takk til prestekollegaer ved SUS for velvilje og innspel.

Takk til Bård som var base heime då eg reiste bort for å skrive. No er me nesten skuls!

Takk til kollega Kjersti Johansen Gilberg for korrektur og godt språkøyre.

Og til sist, takk til arbeidsgjevar som for nokre år sidan lot meg reise til Avila. Det opna eit nytt rom inn i bøna si verd.

Stavanger, 11. oktober 2015

I. Innleiing

Menneske ber. Bøn er ein universell praksis som strekker seg ut over etniske, kulturelle, religiøse og historiske grenser. Den som har vore på reise har truleg lagt merke til kor ulikt bøn kan arte seg i ulike kulturar, og samstundes kor allmenn denne praksisen ser ut til å vere. Der det er menneske, er der mest alltid heilage stader der menneske går for å be. Vi kan gjerne sjå på kroppsspråket at eit menneske er i bøn. Nokre sit med bønekjede mellom hendene, andre kjem med offergåver til eit alter, nokre tenner lys, kysser eit ikon eller teiknar krossmerket over bringa, og nokre skriv tekstar. Symbola kan fortelje oss noko om kva tradisjon den einskilde høyrer til i.

I den personlege bøna er innhaldet løynd mellom den som ber og den bøna er vendt mot. Det ser ut til å kvile eit kollektivt medvit om å trø varsamt på slike stader. Bøn er eit stille språk. Den som kjem nær eit menneske som ber, blir ofte sjølv stille. Sjølv om det er stilla som rår, er denne forma for bøn sjeldan ordlaus.

Livet kjem med det vi ikkje har bedt om. Ulykker, sjukdom, sorg eller død høyrer med til dei vilkåra vi lever under som menneske. I kriser hender det at menneske intuitivt vender seg utover seg sjølv, mot noko som er større. Som prest ved eit sjukehus har eg av og til samtaler med menneske om det dei erfarer i bøn. Nokre fortel at det kan ha vore like naturleg for dei å be som å puste. Når dei vart sjuke, forsvann orda. Også Gud vart borte. Likevel kan dei ynskje at andre skal vere med å be for dei. Andre fortel at dei før ikkje har hatt for vane å be, men gjennom sjukdommen har det pressa seg fram eit språk dei ikkje visste dei hadde, mot ein Gud dei ikkje heilt veit kven er. Paradoksa i disse samtalane har vore med å påverke val av tema og problemstillinga i denne oppgåva.

I 2009 la prestetenesta ved Stavanger Universitetssjukehus til rette for å ta i bruk ein praksis der den som ber, kan skrive bøna på ein lapp og legge den i ei krukke. Kvar søndag blir bønene inkludert i kyrkja si forbøn. I 2013 hadde vi teke vare på 888 bønner. Det er disse bønene som utgjer hovudmaterialet i denne oppgåva. Kva er det dei ber om? Kven er det dei ber til? Og, kvifor ber dei? Spørsmåla vil stå sentralt i denne oppgåva, som siktar mot å teikne eit bilete av drivkreftene i bøn. Bønene vart truleg skrivne utan tanke på at andre enn Gud skulle få del i dei. Tekstane

representerer difor ei form for usensurert tale som kan gje direkte tilgang til kva som er viktig for menneske som oppheld seg ved eit sjukehus. Det overordna siktet er å undersøke om bønetekstane kan bidra til å auke forståinga av kvifor menneske ber, av det eg kallar *drivkreftene* i bøn.

Problemstilling

Problemstillinga eg skal arbeide med i denne oppgåva er fylgjande:

På kva måte kan ei analyse av drivkreftene i personleg bøn slik dei er utforma på bønelappar ved eit sjukehus, bidra til å auke forståinga av kvifor menneske ber?

”Drivkreftene” er i denne samanheng å forstå som både indre drifter og ytre påverknad i bøn. Eit anna ord for drivkraft er ”motivasjon”, som kan definerast som biologiske, sosiale og psykologiske faktorar som aktiverer, gjev retning til og opprettheld adferd for å oppnå eit mål (Kaufmann og Kaufmann 2009: 93). Motivasjon inngår i omgrepet drivkraft. I denne samanheng vil også andelege faktorar inngå i analysen av drivkreftene i bøn.

Bøn kan uttrykkest på mange måtar og blir praktisert i ulike former. Det som kjenneteiknar den personlege forma for bøn, er at den er individuell, blir bedt i einsemd og er særreigen for den som ber (Arinze 2010: 12). Bønene i denne oppgåva er skrivne tekstar. Dei representerer såleis ei særreigen form for *personleg bøn*.

Kritisk kan vi spørje om det er mogeleg å finne ein samanheng mellom drivkreftene i bønetekstane og årsaka til at menneske ber. Eg vil i denne oppgåva nytte ulike teoretiske perspektiv for å svare på denne overordna problemstillinga.

Bakgrunn for praksis

I 2009 la prestetenesta ved Stavanger Universitetssjukehus til rette for å opprette ein ny bønep praksis i kyrkjesalen ved sjukehuset. Vi plasserte ei bønekrukke på eit bord ved inngangen, saman med penn og papir, samt ei rettleiing der det stod:

Her kan du skrive en bønn.

Ikke skriv fullt navn eller personlige data.

*Gud vet hva det gjelder.
Hvis du ikke vil at andre skal lese bønnen,
kan du brette lappen godt sammen.
Bønnekrukken løftes frem under forbønnen
i søndagens gudstjeneste.*



*Bønnekrukke
Kirkesalen, SUS*

Bønnekrukka vert borte til alteret kvar søndag. Under gudstenesta ber liturgen ei felles bøn over alle bønene som har blitt lagt i den sidan sist gudsteneste. Vi har ikkje ei ferdig formulert bøn for denne praksisen. Ordlyden kan difor variere. Handlinga skal synleggjere at kyrkja er med og be for menneske som ynskjer forbøn. Det einskilde menneske si bøn blir slik inkludert i eit større fellesskap og integrert i kyrkja si liturgiske bønepaksis. Praksisen er og ei synleggjering av at kyrkja tilbyr forbøn, utan at terskelen for å be om dette skal bli for høg.

Årsaka til at vi byrja med denne praksisen, var eit ynskje om at kyrkjerommet skal vere eit rom som er i bruk. Det har i fleire år stått ein lysglobe i dette rommet. Dei tende lysa er ein indikator på kor mange som brukar kyrkjesimalen i løpet av ein dag. Nokre fortel at dei tenner lys når orda ikkje strekk til, eller dei tenner lys for nokon dei tenkjer på. Språket spelar likevel ei sentral rolle i all form for kommunikasjon, også ovanfor Gud. Vi klarer oss ikkje utan ord, difor ville vi legge til rette for den som ynskjer å skrive ned sine eigne bønner.

I prestetenesta hadde vi samtaler om korleis vi skulle ivareta personvernet i ein slik praksis. Kunne vi ha ei open krukke, med risiko for at namn og diagnose vart skrive ned? Var der andre omsyn å ta ved eit sjukehus enn i ei lokalkyrkje? Etter å ha vurdert risikofaktorar, valte vi likevel å ha ei open krukke som byggjer på tillit både til den som skriv og til den som ynskjer å vere med å be over det andre skriv. Vi har såleis ingen garanti for at nokre av bønene kan identifiserast. Kanskje kan dette arbeidet gje indikasjonar på om dette var ei riktig vurdering.

Dei fleste stader der denne praksisen er i bruk, vert lappane makulert etter gudstenesta. Vi valde å ta vare på dei. Kvifor gjorde vi det? Dei første vekene etter at vi byrja med bønnekrukka las vi som arbeider i prestetenesta gjennom bønene etterkvart som vi tømde krukka. Tekstane gjorde inntrykk. Nokre av erfaringane som vart skildra, var av livsendrande karakter. Vi reiste allereie då spørsmål om tekstane kunne tene til noko utover det dei opphavleg var meint for. Vi let spørsmålet liggje, men valde likevel å ta vare på lappane. Slik vart tanken om å skrive denne oppgåva fødd. Mellom 2009 og 2013 tok vi vare på 973 bønner, av dei er 888 representert i denne oppgåva. Eg vil seinare i oppgåva sei noko om utveljinga.

Tidlegare studiar om bøn

Eg vil her gje ein kort presentasjon av forking som kan ha relevans for denne oppgåva. Bøn har tradisjonelt sett høyrte heime innanfor religiøse og teologiske studiar. I dag er interessa aukande også innanfor andre fagfelt. Store deler av forkinga føregår på områder som har med helse og menneske sin psykologi å gjere. Bøn er ein praksis som rører ved sjølve kjerna i menneske sin religiøsitet, og som har med sentrale tema i menneske sin psykologi å gjere (Spilka og Ladd 2013: 2). I etterkrigsåra har interessa for emne som kan relaterast til spiritualitet både i og utanfor institusjonell religion, også vore i radikal vekst. Det dreier seg ikkje berre om nye

spiritualitetar som mindfulness og healing, men også fleire vender seg mot røtene i klassiske kristne spiritualitetar (Paloutzian og Park 2013: 23). Denne oppgåva kan plasserast innanfor ramma av desse to fagområda: religionspsykologi og klassisk kristen spiritualitet.

I mangfaldet av interesseområde, med tilhøyrande variasjon i metode og teorival, er det vanskeleg å få oversikt over forskingsfeltet. Kevin L. Ladd og Bernard Spilka har i *APA Handbook of Psychology, Religion, and Spirituality* (Ladd og Spilka 2013) gjeve ei oversikt over litteraturtilfanget av empiriske studiar av bøn, som har blitt utforma i medisinske kontekstar dei siste tiåra. Her har dei berre teke med studiar av praksisar som har ei teistisk orientering, altså bønner som har ei orientering mot ein guddom.

Svært mange studiar har vore konsentrert omkring effekten av bøn. Levin rapporterte i 1996 at der var over 150 studiar som omhandla den helbredande verknaden av bøn (Ladd og Spilka 2013: 294). I denne type studiar er det avgjerande å undersøke om helbredinga blir forstått som naturleg eller overnaturlig, og om den har funne stad i tid og rom. Ei samla vurdering av forskingsresultata viser at bøn og tru (faith) er helbredande i den forstand at dei bidreg til å utvikle positive kognitive skjema og stimulerer psykososiale responsar. Ein kan kalle det for naturleg helbreding.

I bønetekstane i denne oppgåva, står også helbreding sentralt. Det vil ikkje vere mogeleg å undersøke om den som ber erfarer å bli helbreda gjennom bøn. Det kan likevel vere viktig å undersøke om det går fram av bønene, om den som ber om helbreding, ynskjer Gud skal gripe inn på overnaturlig vis.

J. R. Finney og H. Maloney (omtalt i Ladd og Spilka 2013) har undersøkt effekten av bøn over tid. Dei fann at innhaldet i bønna endra seg når bøn vart praktisert over tid. Forventninga om å få oppfylt materielle godar vart redusert. Samtalen gjekk frå å vere vag til å bli meir intim. Ego-sentrerte bønner fekk eit meir altruistisk innhald (Ladd og Spilka 2013: 296). Dei skrivne bønetekstane er spontane ”her og no” bønner. Ein kan såleis forvente at desse bønene i større grad vil vere ego-sentrerte og at gudsrelasjonen vil ha ei vag tilknytting. Eg vil ha desse perspektiva med inn i arbeidet med analysen. Ein av studiane Finney og Maloney også undersøkte var relatert til motivasjon. Den viste at bønner bedt i naud var til hjelp for å redusere frustrasjon og auka den positive tilpassinga til nye livssituasjonar (Ladd og Spilka 2013: 296). Bønner bedt i naud vil også vere representert i denne oppgåva. Det vil difor vere av interesse

å sjå korleis desse funna korresponderer med det som faktisk blir uttrykt i dei einskilde bønene.

De seinare åra har meistringsperspektivet stått sentralt i forskning på bøn. Ein av faktorane som har blitt undersøkt av er korleis menneske brukar bøn for å meistre smerte (jf. omtalen av arbeidet ”Exploring the relationship between spirituality, coping, and pain” av A. B. Wachholtz, M. J. Pearce og H. Koenig frå 2007 i Ladd og Spilka 2013). Bøn ser ut til å ha innverknad på sjølve erfaringa av smerte, den tilfører lidinga meaning, styrkar sjølvkontrollen og blir brukt som avleiingsmanøver. Meistringsperspektivet blir i liten grad via merksemd i denne oppgåva, men i fleire av bønene er det tydeleg at den som ber er påverka av smerte. Forskingsresultata på dette området kan difor bidra til å forstå kvifor menneske med store smerter ber, sjølv om det ikkje direkte blir uttalt i sjølve bøna.

Ein stor mengde studiar, undersøker bøna si tyding for livskvalitet og helse. Spilka og Ladd understrekar at der er ein mangel i litteraturen om bøn og livskvalitet. Få har undersøkt kvaliteten i gudsrelasjonen. I den teologiske litteraturen om bøn, har bøn primært blitt forstått som ein måte individet utviklar seg i relasjon til Gud på (Ladd og Spilka 2013: 298). I drøftinga av analysen, vil eg i denne oppgåva gjere bruk av teologisk litteratur som kan bidra inn i fortolkinga av kva kvalitetar ved Gud, den som ber søker. Analysen av innhaldet i bønene vil truleg kunne sei noko om kvaliteten i gudsrelasjonen, ved å undersøke måten dei samtalar med, eller påkallar Gud på. Teologisk litteratur har i liten grad vore brukt i fortolkinga av empiriske studiar i bøn. Ein generell kritikk av empiriske studiar om bøn, er at det teoretiske grunnlaget ofte er svakt. I ein artikkel av Marek Jantos om bøn og meditasjon i *Oxford Textbook of Spirituality in Healthcare* kommenterer han kva framtidige forskingsprosjekt bør legge vekt på:

Rather than investigate prayer as a clinical intervention, prayer research should attend to people’s experience of prayers (...) such investigations would open up possibilities of constructive dialogue with religious and spiritual traditions (Jantos 2012: 364).

Utsegna gjev retning til sentrale perspektiv i denne oppgåva. Her undersøker eg ikkje erfaring i bøn, men sjølve bøna. Perspektiv frå klassisk kristen spiritualitet, er ein av samtalepartnarane i denne undersøkinga.

Slik denne gjennomgangen viser, føregår dei fleste empiriske studiar om bøn, i den engelskspråklege verda. I skandinavisk samanheng har det dei seinare åra vakse fram miljø som arbeider med nevrobiologisk forskning på bøn. Der er gjort studiar om bøn og meditasjon både ved NTNU i Trondheim¹ og ved Universitetet i Aarhus (Schjoedt et al. 2009). Desse er av liten relevans for denne oppgåva. Eg har ikkje vore i stand til å finne andre studiar der det er skrivne bønetekstar som ligg til grunn for det empiriske materialet. Element av bøn er representert i Torun Eskevik Ruud si masteravhandling (2010). Ho brukar utvalte tekstar frå Gjesteboka i Stille rom ved Oslo lufthavn. Det har også vore gjennomført eit forskingsarbeid i samband med minnematerialet som vart samla inn etter terrorangrepet i Oslo 22. juli 2011, mellom anna fleire tusen bønelappar (Lied og Undseth Bakke 2013).

¹ Denne forskningen er omtalt i reportasjen "Slik fungerer hjernen under meditasjon" av Anne Sliper Midling, <http://www.aftenposten.no/fakta/innsikt/Slik-fungerer-hjernen-under-meditasjon-7522708.html>, lastet ned 21.06.14.

II. Metode og teoretisk rammeverk

Denne oppgåva høyrer heime i fagfeltet praktisk teologi. Den kritiske og gjensidige dialogen mellom erfaring og religiøs tradisjon, teori og praksis kan med enkle ord skildre den metodiske tilnærminga i dette faget (Woodward og Pattison 2000: xiv). Eg kjem til å fylgje dette mønsteret. Her er det både empiri og teori som skal få vere med å kaste lys over problemstillinga. Eg vil i det fylgjande gjere greie for framgangsmåten eg har brukt og grunngje vala eg har tatt.

Eit hermeneutisk innsteg: Paul Ricœur

I tilnærminga til analysen av bønetekstane melder det seg fleire spørsmål som er av hermeneutisk karakter. Kva haldning skal eg som fortolkar ha i møte med dette materialet og kva er ei rimeleg fortolking av tekstane? Den franske fenomenologen og hermeneutikaren Paul Ricœur var særskild oppteken av tilhøvet mellom empiri og vitskap. I essayet "Hva er en tekst? Å forklare og forstå" frå 1986 fører han saman perspektiv frå Dilthey om å forklare og forstå ein tekst, og perspektiv frå Gadamer sin hermeneutikk om sanning og metode (Læg Reid og Skorgen 2001: 25).² Eg vil kort presentere utdrag får dette essayet og vidare kommentere korleis det kan bidra til å etablere samanheng mellom analysen og dei teoretiske perspektiva i denne oppgåva.

I Ricœur sin definisjon av ein tekst, tek han utgangspunkt i skilnaden mellom tekst og tale. Begge deler er ytringar, men som vesen er dei av ulik art. Talen er av flyktig karakter, medan teksten, på grunn av grafikken sin faste karakter, er stendig. Ein tekst er difor ei *varig* ytring (s. 60). Ytringa blir gjennom skrift frigjort frå forfattaren og omgjort til eit arkiv for det individuelle og kollektive minne. Her er det omgrepet fortolking kjem inn. Ricœur skildrar det som ein måte å *lese* tekstar på. Fortolking er ikkje å forstå som ein dialog mellom forfattar og lesar, men som ein særeigen måte å lese teksten på (s. 61). Teksten er forankra i røynda, den er difor ikkje utan referansar. Lesinga si oppgåve som fortolking, blir å fullføre teksten sin referanse (s. 63).

² Essayet "Hva er en tekst? Å forstå og forklare" er omsett av Karit Elise Valen i *Hermeneutisk lesebok* (2001), Læg Reid og Skogen (red.). Når teksten blir referert til med sidetal, er alle referansane knytta til Ricœur sin tekst.

Spørsmålet vidare blir kva for ei haldning den som les skal ha i fortolkinga av teksten. Ein kan velje å *forklare* teksten, eller ein kan velje ei tilnærming der målet er å *forstå* teksten. Dersom ein vel ein forklarande framgangsmåte, kan ein arbeide strukturelt og lingvistisk innfor semantikken sine rammer. Her arbeider ein etter naturvitskapen sine metodar. Dersom ein vel ein framgangsmåte der forståinga står sentralt, fylgjer ein dei tankebaner som teksten har opna. Ein ser etter handlinga i teksten og den meining teksten sjølv er berar av (s. 76). Denne måten å arbeide på, høyrer til innafor åndsvitskapen sine metodar. Ricœur sitt poeng er at den hermeneutiske ”boge” er fullendt først når ein har gjort begge deler. Teksten hadde ein gong ei meining, men gjennom fortolkingsprosessen får teksten ei ny tyding (s. 74). Hermeneutikaren si oppgåve er å repetere det teksten seier, og bruke det i ein ny diskurs.

Eg har i denne oppgåva vald å bruke to typar tekst for å svare på det overordna spørsmålet. Det empiriske materialet og dei teoretiske perspektiva er ikkje å forstå som jamstilt materiale. Analysen av bønetekstane vil vere det primære og dei teoretiske perspektiva blir brukt til å utdjupe forståinga av denne.

Ricœur sin definisjon av ein tekst høver godt til den type tekst som bønetekstane representerer. Tekstane er lagt i ei krukke og framstår som ytringar som har blitt fristilt frå forfattaren. På sett og vis er det Gud som er den tiltenkte hermeneutikaren av bønene. I ei bøn står det: ”Takk for at du *ser* min bønn”. Teksten viser at forfattaren har medvit om at det er skilnad på å høyre ei ytring og å lese ei ytring. Gjennom skrifta får ytringa ein varig karakter. Dette utgjer sjølv skiljet på ei uttalt bøn og ei bøn som er utforma i skrift.

Når bønetekstane så blir lagt i krukka, kallar dei på lesinga av bønene. Tekstane har ulike referansar til verda omkring, difor har eg i tilnærminga til analysen vald å starte med ein kontekstanalyse.

Eg vil i denne oppgåva bruke både *forklaring* og *forståing* som to ulike framgangsmåtar i fortolkinga av det empiriske materialet. I den første analysen av sjølvve tekstane, vil det vere den *forklarande* arbeidsmåten eg vil gjere bruk av. Her vil eg undersøke om der er indre strukturar, gjentaking av ord eller typologiar som kan bidra til å forklare drivkrafta i bøn. I denne delen av analysen er det interne tilhøve i teksten som vil stå sentralt. I drøftinga av analysen i lys av teoretiske perspektiv, vil eg vere ute etter å forstå meininga i teksten, det den peikar fram mot. I denne delen av oppgåva vil eg gjere bruk av teoretiske perspektiv som kan bidra inn i *forståinga* av

teksten. Målet her er å gjenskape teksten som levande kommunikasjon. Her vil eg som lesar i større grad bidra subjektivt inn i fortolkingsarbeidet.

Målet er at denne vekslinga mellom å *forklare* og *forstå* dei skrivne bønene, skal føre fram til ei heilskapleg fortolking av drivkreftene i bøn. Den nye lesinga av tekstane er det som kan bidra inn i den overordna diskursen om kvifor menneske ber.

Temakretsar og analysekriterier

I denne oppgåva vil eg gjere bruk av element både frå kvalitative og kvantitative forskingsmetodar. Kvalitative tilnærmingar gjev innsyn i grunntrekka og det særøigne ved det empiriske materialet, medan ei kvantitativ tilnærming vil gje informasjon om frekvens og mengde (Repstad 1998: 18). Det empiriske materialet i denne oppgåva er av ein slik storleik, at det vil vere naturleg å inkludere talmateriale. Det er likevel dei kvalitative elementa, innhaldet og heilskapen som vil vere det sentrale.

I det innsamla materialet var det i utgangspunktet 973 bønner. Eg har gjort eit utval der 888 av dei er inkludert i analysen. Kvifor så mange bønner? Eg valde å ta utgangspunkt i alle bønene som var skrivne frå vi starta med denne praksisen, til eg byrja å skrive. Etter ei første lesing fann eg mange bønner som var mest identiske, såleis kunne innhaldet og bredda i materialet vore representert gjennom eit mindre utval. Eg vurderte det slik at størrelsen på materialet ville teikne eit meir presist bilete av dei dominerande trekka bønene. I denne oppgåva får mengda noko å sei, fordi det er generelle trekk vi er ute etter og ikkje det særøigne.

I vegleiinga som vi la ved bønnekrukka, presiserte vi at den som ikkje ville at bøna skulle bli lest av andre, kunne brette lappen godt saman. Det er sjølvstøtt eit definisjonsspørsmål kva som er ein godt samanbretta lapp, men nokre av lappane var verkeleg bretta godt saman. Dei er ikkje med i denne undersøkinga. Fleire av bønene var skrivne på språk eg ikkje har forutsetnad for å forstå. Dei vart difor lagt bort. 16 av lappane var utan tekst. Det kan vere interessant å reflektere over kvifor dei er lagt i krukka, men disse lappane fell utanfor kriteriet om at bøna må vere utforma i tekst. Eit spørsmål som melde seg var, kor mange ord som må til for at noko skal kunne kallast ein tekst? Nokre av bønene inneheldt berre eit namn eller eit ord. Er det ein tekst? Eg har vald å operere med eit vidt tekstomgrep. Ein tekst må innehalde ei form for *kommunikasjon* eller ei *samhandling* mellom menneske (Brekke 2009: 20). I tekstane med berre eit ord, er det alltid eit skrivande subjekt. Ordet er overlevert via

bønekrukka, til eit objekt, det kan vere Gud eller andre som ber. Bønene med berre eit ord eller namn, er både ei form for kommunikasjon og ei form for samhandling, og er difor inkludert i dei 888 bønene.

Eg byrja lesinga av tekstane med å sjå etter om det var visse tema bønene kretsar kring. Eg hadde på førehand venta at bønene ville ha referanse til sjukdom og helbreding. Eg starta difor med å undersøke kor mange bønner som hadde referanse til den røynda sjukehuset representerer. Den andre temakretsen som gjorde seg gjeldande, hadde med kjærleik å gjere. Etter første lesing, var eg overraska over kor mange bønner som handla om nære relasjonar, og korleis kjenslene var uttrykt i desse bønene. Den siste temakretsen var ikkje like lett å få auge på. Det var bønner som kunne relaterast til det alminnelige livet. Eg la først ikkje merke til desse bønene. Det kvardagslege forsvann i dei dramatiske skildringane frå sjukehuset si verd. Dei tre temakretsane, er ikkje å forstå som kategoriar, men som ein måte å strukturere det empiriske materialet på (Søndenå 2006: 26).

I den meir grundige lesinga av tekstane brukte eg fargar for å kode teksten. Her såg eg etter mønster, ord og uttrykk som vart repetert. Eg såg særskild etter kven og kva bøna hadde merksemda retta mot. Denne prosessen gjorde det tydeleg at alle bønene hadde ei retning, dei ville noko med det dei skreiv. Problemstillinga ”ei analyse av drivkreftene i personleg bøn” var difor utforma og styrt av ”tonen” i bønene. Eg fann vidare at bønene kunne samlast i ulike typologiar. Bønene var ulike men fleire av dei hadde noko til felles. Bøna si *vending* og bøna sin *type* vart styrande for val av kategori. Den mest eigna måten å undersøke bøn på, er å undersøke fleire dimensjonar samstundes (Spilka og Ladd 2013: 39). Teologen Richard J. Foster har i boka *Prayer: Finding the Heart's True Home* (omtalt i Benson 2009) utvikla eit rammeverk der han gjer ei kopleing mellom retning og type i bøn. Her identifiserer han 21 ulike typar bøn, og grupperer dei i tre ulike former for bøn. Bønene i denne framstillinga har ei rørsle innover mot Sonen, oppover mot Gud og utover mot Den Heilage Ande (Benson 2009: 91). Foster sitt rammeverk har blitt brukt i fleire empiriske studiar om bøn (Spilka og Ladd 2013: 46).

I dei skrivne bønetekstane var eg i stand til å identifisere 9 ulike typar bøn. Dei fleste er også identifisert i Forster si framstilling. Eg har òg teke utgangspunkt i at bønene har tre vendingar, men har vald å gje dei eit anna innhald. Bønner som vender seg innover er vendt mot ”sjølvet”. Bønner som vender seg utover har merksemda vendt mot andre menneske og bønner som vender seg oppover er vendt mot Gud eller

det transendente. Kriteria eg har brukt for å identifisere ulike typar bøn er samansette. Nokre gonger har det vore orda som er brukt, andre gonger har det vore situasjonen bøna skildrar. Bøna si vending og type, er i stor grad styrt av underliggjande drivkrefter i dei einskilde bønene. Eg har laga eit skjema der type, vending og frekvens er kopla saman. Skjemaet har eg lagt ved oppgåva som eit appendiks.

Ei interdisiplinær tilnærming

I arbeidet med analysen av bønetekstane, har eg lagt vekt på ei *forklarande* fortolking. I drøftinga av analysen der eg gjer bruk av teori, dreier det seg om å *forstå* meininga i tekstane. Det har vore ei utfordring å velje teoretisk rammeverk som kan bidra inn i ein samtale der den overordna problemstillinga vil stå sentralt. Fenomenet bøn kan studerast ut frå ulike interesseområde og fagtradisjonar. Eg har òg vald perspektiv som er henta frå ulike disiplinar og fagområde for å ivareta kompleksiteten og mangfaldet ved fenomenet bøn (jf. Spilka og Ladd 2013: 39). Utvalde perspektiv frå eksistensialistisk filosofi, religionspsykologi og ein klassisk kristen spiritualitet skal få vere med å kaste lys over drivkreftene i bøn.

Eg vil først undersøke den ontologiske konteksten bønene spring ut frå. Her spør eg: Er det noko ved sjølve livet som gjer at menneske ber? Den nederlandske psykoterapeuten og filosofen Emmy van Deurzen har i boka *Everyday Mysteries* (2010) vidareutvikla teoriar frå eksistensialistisk filosofi, og nyformulert innhaldet i ein ontologi som kan bidra til å utvide fortolkningsramma av bønene si vending. Ho teiknar eit fleirdimensjonalt bilete av kva det vil sei å vere menneske i verda. Framstillinga er ikkje relatert til bøn, og må difor appliserast på ein måte som kan føre arbeidet i analysen inn i ein større samanheng.

I den religionspsykologiske tilnærminga vil eg gjere bruk av utvald materiale frå boka *Primary Speech* (1982) av Ann og Barry Ulanov. Her vil eg spørje: Er det noko i menneske sin natur som gjer at menneske ber? Boka er skriven ut frå ein jungiansk, psykoanalytisk tradisjon. Det er særskild perspektiv relatert til den grunnleggjande forståinga av bøn, saman med tilhøvet mellom frykt og begjær i bøn, som skal få bidra inn i ei overordna fortolking av bønetekstane.

Til sist skal vi vende oss mot ein tekst i den klassiske kristne tradisjonen. *The Interior Castle*, vart skriven av den spanske mystikaren Teresa av Avila, i 1577. Denne teksten vert framleis rekna for å vere ein av dei fremste læretekstane om bøn. Her spør

eg: Er det Gud som gjer at menneske ber? Dei perspektiva som er relevante i denne samanhengen, er henta frå dei tre første kapitla i skriftet. Her skriv Teresa om aktive former for bøn. Også i denne framstillinga er det forståinga av bøn, og kvalitetar ved gudsrelasjonen i bøn, som skal få vere med å kaste lys over analysen.

Der er fleire måtar å presentere det teoretiske materialet på. Eg har vald å integrere perspektiva eg gjer bruk av, direkte i drøftinga. Slik vonar eg å unngå repetisjon. Eg har lagt vekt på at det empiriske materialet skal vere styrande for drøftinga, ikkje motsett.

Førforståing

I denne oppgåva undersøker eg ein praksis som eg sjølv har vore med å leggje til rette for. I drøftinga av analysen, vil mi røyst som fortolkar få ei meir framtreiande rolle. Det fordrar medvit om min eigen posisjon og førforståing (Brekke, 2006: 24).

Problemstillinga har på fleire måtar tilknytting til mitt eige liv. Bøn er eit språk som eg har brukt så langt tilbake eg kan hugse. Det er eit slags ”morsmål” eg har fått overlevert av mine formødrer. Nokre vil hevde at menneske ber, fordi det har lært å be. Men er det så enkelt? Bøn er òg ein del av arbeidsspråket til ein prest. Ved vigsling til presteteneste er der ei formaning om at ein ”i sjelesorg har omsut for kvart einskild menneske, og ber dei fram for Gud i bøn” (Gudstenesteboka 1996: 169). Den teologiske grunngevinga for bøn kviler på eit teologisk premiss om at menneske er skapt til å vere i relasjon med sin skapar. Bøn er ein måte å søkje Gud på, og finne tilbake til fellesskap med Gud. I denne oppgåva har eg eit ynskje om å undersøkje om det faktisk er gudsrelasjonen, det å oppnå kontakt med Gud, som viser seg å vere drivkrafta i bøn. Eg vil såleis stille meg open og kritisk til mitt eige teologiske utgangspunkt og la bønetekstane, saman med andre faglege tilnærmingar, få vere med å supplere eller korrigere mi teologiske førforståing av bøn. Mange empiriske studiar om bøn, har blitt kritisert for å stå i den institusjonaliserte religionen si teneste (Spilka og Ladd 2013: 164). Den som skriv har hatt eit ynskje om å påvise med vitenskaplege metodar at bøn verkar. I denne oppgåva vil eg ikkje vere opptatt av om bøn har verknad for livskvalitet og helse. Eg vil derimot ha ei haldning der eg er kritisk i omgang med mi eiga røyst, og open mot røysta i tekstane. Dette vonar eg skal bidra til å etablere ein viss distanse mellom materialet og mi eiga førforståing, slik at nye spørsmål og svar kan vekse fram.

Forskningsetiske refleksjonar

I førebuinga av prosjektet tok eg kontakt med Regional Etisk Komité Vest (REK-Vest) for å høyre om eg burde søkje om klinisk-etisk godkjenning for å kunne bruke bønetekstar som var innsamla ved eit sjukehus i ei oppgåve som denne. Eg fekk til svar at denne oppgåva ikkje er etisk godkjenningspliktig, fordi den ikkje går inn under kriterium for medisinsk forskning. Dette er ei teologisk oppgåve, og såleis fell den utanfor helseforskningslova. Tekstane er vidare anonyme og lagt i eit offentleg rom. Det kviler likevel ei moralsk forplikning til å ivareta anonymitet og sensitive opplysningar i den grad kopling mellom person og innhald i tekstane kan identifiserast.³

Materialet i denne oppgåva er førstehandsmateriale. Det vil sei at materialet er henta frå ein praksis der den som er med, ikkje er informert om det på førehand. I forskning har slike tekstar høg verdi fordi autentisiteten i materialet vert rekna for å vere stor. Det stiller dertil høge krav til korleis ein brukar sjølve materialet. Eg har vore i tvil om det er rett å løfte denne type tekstar ut i det offentlege rom, eller om dei bør få vere i det skjulte rommet mellom menneske og Gud. I kraft av den yrkesrolla eg har, har eg i arbeid med sjelesorg ansvar for å verne det private rommet mellom menneske og Gud. I ein elles dokumenterande kultur ved eit sjukehus, har kyrkja ein særreigen funksjon ved at den ikkje dokumenterer.

Bryt så denne oppgåva med grunnleggande verdiar i kyrkja sin tradisjon og i min eigen yrkespraksis? Det avgjerande spørsmålet i denne samanhengen er om det er mogeleg å bruke tekstane på ein måte som gjer at forfattarane av bønene ikkje kan identifiserast. Dette legg føringar for korleis eg presenterer og skildrar det innsamla materialet. Eg har til dømes vald å sjå på bønetekstane som eit samla dokument. Eg vil lyfte fram generelle trekk ved bønene, framfor det individuelle og særreigne. Der einskilde bønener er sitert, vil det vere fordi fleire av bønene er mest identiske. I nokre av bønene som blir sitert, har eg gjort mindre endringar i teksten. Det dreier seg om kjønn og alder, og nokre gonger ved skildringar av diagnose. Dette er faktorar som ikkje verkar inn på det som er oppgåva sitt sikte. Eg vonar det skal vere med å styrke

³ I *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi* (NESH 2006) er der eit prinsipp om informert og fritt samtykke frå dei det skal forskast på. Det er imidlertid visse unntak frå denne hovudregelen. Observasjon på åpne arenaer, på gater og torg, kan vanlegvis skje utan å informere dei det gjeld (s. 12).

anonymiteten i eit sensitivt materiale, utan at subjektet og det subjektive i bøna går tapt.

III. Analyse

Bønene vi skal sjå nærare på, er sett saman av ord. Det er ikkje alltid slik. Nokre gonger kan bøn vere ein tanke, ei kjensle eller ei erfaring utan ord. Her er bønene skrivne tekstar, og ordet tekst kjem frå det latinske ordet *tekstura* som tyder ”vev” (Søndenå 2009: 19). Orda i bønene kan på mange måtar samanliknast med trådar i ein vev. I disse bønene finn vi ord frå notida som flettar seg saman med ord frå fortida, eit språk for framtida tar form. Livserfaring og truserfaring blir knytt saman i disse korte bønene. Eg vil ta utgangspunkt i dei 888 bønene som samla tekst. Analysen av heilskapen skal bidra til å få fram dei generelle trekka ved disse bønene, det dei har felles. Dernest vil eg sjå nærare på dei einskilde delane, som er styrt av temakrets og kategori. Eg skal starte med å plassere bønene i den konteksten dei spring ut frå.

Analyse av heilskapen

Kontekstanalyse

Konteksten kan definerast som den språklege eller ikkje-språklege samanhengen ein tekst er ein del av. Konteksten er såleis ei referanseramme som bidreg til å forstå meininga med ord og uttrykk i teksten (Søndenå 2006: 21).

I samband med bønetekstane er det sjukehuset som utgjør den særlege konteksten. Stavanger Universitetssjukehus dekkjer både somatisk pleie og psykiatri, og er det fjerde største sjukehuset i Noreg. Tal frå 2014 syner at 50 548 var innlagd på heildøgnopphald, 21 301 på dagopphald og 275 764 polikliniske konsultasjonar var registrert.⁴ Sjukehuset har om lag 7300 tilsette. Tala er høge og seier noko om kor mange menneske som til ei kvar tid oppheld seg i den konteksten bønene har blitt til i. I lys av disse tala, er 888 bønner eit lågt tal. Det seier ikkje noko om kor mange som

⁴ Styrets årsberetning 2014, Helse Stavanger HF, Stavanger Universitetssjukehus (SUS), https://www.google.com/url?sa=t&rct=j&q=&esrc=s&source=web&cd=6&ved=0CDkQFjAFahUKewiY846kwJzIAhUn8HIKHxsVChQ&url=http%3A%2F%2Fwww.helse-stavanger.no%2Fno%2Fom%2Fom%2Fstyre%2Fdocuments%2F2015%2F26.03.2015%2Fstyresak%252024-15%2520B%2520Vedlegg%25202%2520-%2520Styrets%2520beretning%25202014.pdf&usq=AFQjCNFGkiWIBuTI9J8HWbkZNE8ZM5SWy_w&sig2=qCneJzfd6NK0K7clZXtKjw&bvm=bv.103627116.d.bGQ&cad=rja, lastet ned 29.09.15.

ber, men talet på bønner er stort nok til å teikne eit bilete av kva menneske ved eit sjukehus ber om, korleis dei ber og kvifor.

European Values Survey undersøkte i 2008 verdiar og livssyn hos europeiske innbyggjarar. Eit av spørsmåla (Q38) handla om bøn og meditasjon: ”Tar du deg noen sinne tid til bønn, meditasjon, stille ettertanke eller noe lignende?” 63,2 % svarte JA på dette spørsmålet, og 36,8 svarte NEI.⁵ I kva grad undersøkinga er representativ for dei som er på sjukehus, veit eg ikkje. I lys av dei erfaringar menneske ved eit sjukehus har, er det er ikkje urimeleg å vente at den positive svarprosenten ville vore noko høgare. Det er såleis få av dei som er ved sjukehuset som går i kyrkjesalen og skriv ned bønene sine, men truleg over halvparten ter seg tid til bøn, meditasjon, stille ettertanke el.


Korleis kan vi så teikne eit bilete av den røynda eit sjukehus representerer? Eit sjukehus speglar på mange måtar kompleksiteten i menneskekroppen. Det er ein stad menneske kjem for å få hjelp med sine helseplager. Nokre er på sjukehuset til utreiing, andre til behandling. Somme blir friske, andre får hjelp til å leve med sjukdomen dei har. Her blir og menneske født, den forulykka brakt inn, og nokre endar livet sitt her. Kroppsdelar blir reparert og smerter lindra. Den som kjem til sjukehuset blir teken imot av menneske med spesial kompetanse på ulike fagområde. Kulturen er orientert omkring helse. Det fysiske miljøet vitnar om den tyding avansert teknologi har fått i behandlinga ved eit moderne sjukehus. Verksemda er stort sett organisert etter fagområde og diagnoser. Slik kan i korte ordelag konteksten ved eit sjukehus skildrast.

Den som har skrive bøna har og med seg si eiga livsverd som er forma i ein annan sosio-kulturell kontekst. Den einskilde si personlege og sosiale narrativ, saman med livssynet høyrer med i denne røynda. Dette utgjer fjernkonteksten i bønene. I arbeidet med bønene har vi ikkje tilgang til denne konteksten, men det vil truleg også vere referansar til denne i tekstane.

Kyrkjesalen er eit eige rom i sjukehuset, og representerer den heilt nære konteksten i bønene har blitt til i. Påverkar det innhaldet og språket i sjølvne bøna? Rommet er enkelt møblert, med alter, preikestol, orgel og piano. På veggen heng eit alterteppe som symboliserer ein open gudsfamn. Rommet skal vere med å ivareta

⁵ http://zacat.gesis.org/webview/index/en/ZACAT/ZACAT.c.ZACAT/European-Values-Study-EVS-d.5/EVS-2008-4th-wave.d.1/EVS-2008-Norway.s.ZA4795/Religion-and-Morale.h.6/do-you-take-moments-of-prayer_meditation-Q38-/fVariable/ZA4795_V144, lastet ned 29.09.15.

retten til religionsutøving for dei som høyrer til i den kristne tradisjonen.



*Alterbilde av Siri Gjesdal,
Kirkesalen, SUS*

Sjukehuset har og eit stille rom for dei som høyrer til i andre religionar. Det gjev forventningar om at dei som brukar kyrkjesalen, i hovudsak høyrer til i ein kristen tradisjon og språket i bønene kan difor ha referansar til Bibelen, liturgiar eller traderte bøner i den respektive tradisjonen.

På bakgrunn av denne kontekstskildringa, har eg ei hypotese om at bøn kan fungere som eit bindeledd mellom den røynda den som kjem til eit sjukehus har med seg, den nye røynda ein møter ved eit sjukehus og den røynda som kyrkjerommet representer.

Språk og sjanger

Mengda av bøner er stor, men kvar for seg er tekstane korte. Bønene er skrivne for hand og lappane ser ut til å fungere som ei fysisk ramme for teksten. Språket er konsist og skildrande. Samla utgjer bønene 47 sider med transkribert tekst.

Det som kjenneteiknar språket i disse bønene, er kombinasjonen av spontanitet og presisjon. I nokre av bønene er kvardagslege ord og uttrykk brukt, slik ein ville uttrykt seg i samtale med ein ven. Vi finn og bønner med stor språkleg presisjon, der innhaldet kan minne om ein medisinsk journal, med detaljerte skildringar om tid, stad og problemstilling. Det kan sjå ut som om den som har skriva har brukt lang tid på å file språket, for å få med det aller viktigaste. Ord som peikar framover gjev bønene retning. Mange av bønene blir innleia med desse orda: ”Jeg vil”, ”Jeg håper” eller ”Jeg ønsker”. Orda uttrykker den sentrale plassen drivkrafta har i bøn. Indre bilete blir språksett. Samla kan vi sei at orda i bønene vekslar mellom nøye utveljing og usensurert tale, mellom det heilt enkle og det komplekse.

Bønetekstane si form har mykje til felles med brevforma som litterær sjanger. Nokre gonger er tekstane utforma som brev til Gud. ”Kjære Gud (...) Hilsen nn”. Innhaldet kan og gje assosiasjonar til kjærleiksbrev. ”Jeg elsker deg Jesus”. Tekstane kan og vere utforma slik, i relasjon til andre menneske. Andre gonger minnar innhaldet meir om eit dagboknotat. Det er som om den som skriv må ordfeste ei avgjerande erfaring. Det kan vere ei glede eller ei sorg.

Eit overraskande element i fleire av bønene er at det er teikna symbol innimellom orda. Nokre teiknar smilefjes, eit hjarte eller ein kross. Symbola kjenner vi igjen frå SMS-språket. Bønene ligg nær den kommunikasjonsforma som er blitt svært vanleg for å halde kontakt, menneske i mellom. Praksisen med bønelappar har i kyrkja vakse fram ”nedanfrå”. Vi kan kalle det for ein folkeleg bønepraksis av nyare dato. Det er nærliggjande å tenkje at SMS-språket kan ha påverka både språket som blir brukt, og den utstrakte bruken. Eit døme kor lik disse bønene kan vere ein SMS, finn vi i denne bøna. ”Tenk på meg i dag Gud. Jeg tenker på deg”.

Avsendar og adressat

Kven en er det som skriv? I dette materialet har vi i liten grad detaljert informasjon om avsendar av bøna. Alder og kjønn er ikkje mogeleg å spore. Det går likevel fram av innhaldet, at majoriteten av bønene er skrivne av pasientar og pårørende ved sjukehuset. Det hender og at tilsette ber for pasientar dei har vore i kontakt med, og fleire gonger er det omvendt. Pasientar ber for tilsette ved sjukehuset. Nokre av forbønene ser ut til å vere skrivne av menneske som ikkje kjenner den dei ber for. Fleire takkar for den bønetenesta dei får ha. Det kan tyde på at der er menneske som

har tatt på seg å be for andre, som ikkje er pasient eller pårørande, men som kjem til sjukehuset for å be.

Kven er bønene skrivne til? Implisitt kan vi tenkje at alle bønene har Gud som adressat, sjølv om ikkje gudsnamnet eksplisitt er nemnd i sjølve bøn. Dei færraste i dette materialet startar med å uttrykkje kven dei skriv til. Det mest vanlege, er å gå rett på sak. Dei tradisjonelle gudsnamna, ”Gud”, ”Jesus” og ”Den Heilage Ande”, er berre nemnd i 16% av bønene. ”Herre” og ”Far” førekjem til ei viss grad, og nokre få gonger finn vi meir opne uttrykk som ”Gud eller hvem du nå er?” eller ”En bønn til den øverste”. Eit uventa fenomen for meg, er at fleire eksplisitt skriv til nokon dei tenkjer på. ”Kjære mamma”, eller ”Kjære lille venn”. Nokre av desse bønene er utforma som ein samtale med menneske som er døde. Vi finn også bønner der den som ber fører ein indre dialog med seg sjølv, utan at Gud eller andre er nemnd. Det kan dreie seg om val ein må ta, eller tankar ein går med.

Som ei oppsummering kan ein sei at det ikkje er åpenbart kven som er adressat i disse bønene. Det er difor meir saksvarande å undersøke kven merksemda i bøn er retta mot, enn kven som er adressat for bøn. Alle bønene har ei relasjonell orientering, anten dei vender seg innover mot sjølv, utover mot andre eller oppover mot Gud eller ”høgare makter”.

Temakrets og type bøn

Eg vil i det fylgjande presentere nokre hovudtrekk i bønene. Nokre gonger er det sjølve innhaldet i bøn som er best eigna til å teikne eit bilete av drivkrafta i bøn, andre gonger kan det vere den relasjonelle kontakten i bøn, som ser ut til å vere sjølve drivkrafta. Val av kategori er dels styrt av språket som blir brukt i bønene, dels av bøn sitt sikte.

Tekstane er strukturert kring temakretsane *Bøn for kropp og helse*, *Bøn i nære relasjonar* og *Bøn om Guds nærvær*. Innanfor kvar temakrets er der ni ulike typar bøn.

Bøn for kropp og helse

Det som kjenneteiknar bønner for kropp og helse, er dei språklege referansane som syner at bønene er skrivne i konteksten av eit sjukehus. Dersom vi ser på bønene samla, teiknar dei eit bilete av korleis det er å leve med og leve nær, menneske som er ramma

av sjukdom. For mange er det uvissa som rår, og livet er i endring. I glimt gjev tekstane innsyn i interaksjonen mellom pasientar og pårørande eller mellom pasientar og helsepersonell. Også Gud blir skildra som ein som går i gangane ved sjukehuset, er på operasjonsstua, på avdelinga eller i rommet der den som er sjuk er. Der er ei lang liste med diagnosar representert i dette materialet. Her er menneske med: demens, kreft, hjartefeil, hepatitt, kols, hiv. Menneske som har amputert, psoriasis, MS, Sjøgren, fibromyalgi. De har fått lammelser, slag, infarkt, lungebetennelse, blødningar, tinitus, betennelse eller svulst ulike stader i kroppen. Også nevrologiske smerter og mentale helsetilstandar er skildra. Nokre ber om at mørke psykotiske tankar må forsvinne, andre går med sjølv mordstankar og nokre ber om å bli fri frå rus. I denne temakretsen har eg plassert tre ulike typar bøn. Det er: *Bøner bedt i naud*, *Bøner om helbreiding* og *Bøner om overgjeving*.

Bøn i nære relasjonar

Temakretsen bøn i nære relasjonar er at det er det ein kan kalle for nettverksbøner. Her skriv dei ofte ei lang liste med menneske dei tenkjer på og ynskjer skal bli bedt for. I staden for namn skriv dei gjerne kva relasjon dei har til den einskilde. Dei som oftast blir nemnd er menneske i dei heilt nære relasjonane, som familie og vener, kollegaer, ein kjærast eller ein medpasient dei har blitt kjend med på sjukehuset.

Bønene er kjenneteikna av eit emosjonelt språk. Det fortel noko om kvaliteten i relasjonen. Dei brukar ofte orda: ”som jeg elsker” eller ”er så glad i” når dei skildrar den dei tenkjer på. Nokre goner skriv dei og om vanskar i kommunikasjonen eller om konflikter dei står i. Bønene skildrar mest alltid sagn og lengt. Nokre skriv om menneske som har blitt borte, andre skriv om vener dei har mista på grunn av sjukdom. Fleire tenkjer på menneske som dei var glade i, men som ikkje lenger lever. Personlege erfaringar av sorg og tap blir på ulike måtar språksett i desse bønene. Mange har fått merke at sjukdom utgjer ein trugsel i relasjonen. I bønene ser det ut til å aktivere medvitet om verdien av dei ein deler livet med og krafta i kjærleiken til dei ein er glad i. Bønene skildrar kjærleik på avstand. I denne temakretsen er der også tre ulike typar bøn. Det er: *Bøner for familie og vener*, *Bøner om forsoning* og *Bøner i sorg*.

Bøn om Guds nærvær

I den siste temakretsen er merksemda på ulike måtar retta mot Gud. Desse bønene kretsar kring det alminnelege livet. Samanlikna med dei andre temakretsane er dei bønene eg har plassert her, mindre dramatiske. Bønene vitnar om at nokre menneske som kjem til kyrkjesalen mest dagleg og ber si morgonbøn. Andre avsluttar dagen med ei takkebøn, før dei overgjev natta til Gud. I nokre av bønene går det fram at det er personale som går innom for å be etter ei kveldsvakt. Her ”legg dei frå seg” pasientar dei har hatt ansvar for, før dei går heim.

Det er ein rytme som har med tida å gjere i desse bønene. Vekslinga mellom dag og natt, kvardag og helg og syklusen gjennom året er representert i fleire av bønene. Høgtidene i den kristne tradisjonen ser ut til å generere bøn. Både jul, påske, pinse, allehelgensøndag ber dei for menneske dei gjerne skulle vore saman med, og for menneske dei ikkje kjenner som kanskje ikkje har det så godt. Også nasjonale merkedagar som 17. Mai eller personlege merkedagar som fødselsdagar, ber dei for menneske dei tenkjer på.

Gud har ein sentral plass i desse bønene. Dei ber om at Gud må vere med, at Gud må halde si hand over og at Gud må røre ved. Dei ber om at Gud må verne gjennom dagen eller gjennom natta. Dei takkar for det dei har fått og ber om velsigning for nokon dei er glade i. I denne temakretsen har eg difor plassert: *Kvardagsbøner, Takkebøner og Bøner om velsigning.*

Bøna si vending

Temakretsane og dei ulike typar bøn eg her har skildra, kan gje inntrykk av at vendinga i bøna er gitt. Kanskje skulle ein tru at bøner om kropp og helse var vendt innover, bøn i nære relasjonar utover, og bøner om Guds nærvær, oppover. Så enkelt er det ikkje. Ein analyse av bønene si vending, relatert til temakrets og type, teiknar eit samansett bilete av vendinga i desse bønene.

Ei oppteljing av alle bønene viser at 393 bøner vender seg utover mot andre. 76 bøner vender seg innover mot sjølv, og 67 av bønene vender seg oppover mot Gud. Dei andre 385 bønene har merksemda retta mot fleire dimensjonar i ei og same bøn. 98 av bønene har alle dimensjonane representert. Tala viser at majoriteten av dei som brukar denne forma for bøn, har merksemda retta mot andre, samstundes som dei viser at dei som ber ofte vender seg mot fleire og flyttar seg i ulike dimensjonar i bøn.

Temakretsen *Kropp og helse* har 131 av bønene vendt utover mot andre, 32 er vendt innover mot sjølv og 9 er vendt oppover mot Gud. I 114 av bønene er fleire dimensjonar representert. *Bøner bedt i naud*, er ofte først vent utover. Dei ropar om hjelp frå nokon utanfor seg sjølv. Så dreier bønene innover, og den som ber skildrar smerta dei ber på. I *bøner om helbreding*, ber dei først og fremst om å bli frisk. Dei grunnjev dette med at dei ynskjer å leve vidare med menneska dei er glad i. Så dreier bøna og dei inkluderer disse i bøna. *Bønene for den som skal døy*, er ofte først vendt utover, så dreier bøna og vender seg oppover mot Gud.

I temakretsen *Bøn i nære relasjonar* var 207 av bønene vendt utover mot andre, 7 er vendt innover mot sjølv og 3 er vendt oppover mot Gud. I 81 av bønene er fleire dimensjonar representert. Ikkje uventa ser vi her ei tydeleg orientering utover mot andre. Mange av bønene var retta mot *familie og vener*. Bønene om *forsoning* er dei som i flest tilfelle er vendt innover og utover, eller innover og oppover. Dei ber både om at andre må ta imot tilgjeving eller at dei sjølv må bli tilgjevne av Gud. Blant *bøner i sorg* var dei fleste av bønene vendt utover mot den ein saknar, men også nokre gonger innover, mot det tapet har ført til hos den som ber.

I temakretsen *Guds nærvær* var 55 av bønene vendt utover mot andre, 37 innover mot sjølv og 55 av bønene var vendt oppover mot Gud. 185 av bønene har fleire dimensjonar representert. *Kvardagsbønene* er ofte først vendt oppover mot Gud, så dreier bøna og vender seg utover mot menneske ein deler livet med.

I *takkebønene* er der ei jamn fordeling av alle dimensjonane. Nokre gonger står det berre ”Takk” på lappen. Det mest vanlege er at dei på ulike måtar takkar og gjev Gud ære for det gode i livet.

Til sist, bønene om *velsigning* byrjar med å vende seg mot Gud, for sidan å rette merksemda mot den eller det ein ber om velsigning for.

Del-analyse

Eg vil no sjå nærare på dei ulike typar bøn som er representert i dette materialet. Eg har vald ut ei bøn som er representativ for kvar type bøn, den blir presentert ved innleiinga til kvar type. Her ser eg etter drivkreftene i dei ulike typane, og spør: kva er det dei vil?

Bøner bedt i naud

Det begynner å haste nå. Hjelp meg. Jeg vil ha et verdig liv. Please, hjelp meg!

Den første bøna er døme på ei bøn som er bedt i naud. Karakteristisk for desse bønene er at orda: ”Hjelp!”, ”Please”, ”Vær så snill”, eller ”Det haster”. Små ord med rop om hjelp. Orda syner at dette er den bedande bøna sitt språk, utforma av menneske i fortvilning og desperasjon. Her dreier det seg om menneske som ikkje maktar det dei står i åleine og nokre gonger er det tydeleg at det står om livet. Bønene har ein appell utover. Nokre skriv: ”Gud hvor er du?” Ropa syner at dei erfarer at Gud er langt borte eller fråverande. Ei skriv: ”Jeg trenger deg NÅ!” Det er menneske i krise som skriv desse bønene. Nokre av dei inneheld sterke skildringar av smerte. Ofte ber dei om hjelp til å halde ut. Mange ber om styrke, og fortvilninga kan avlesast i orda dei brukar. I fleire av bønene går det fram at den som ber, opplever at dei eksisterer utan å leve. Nokre skriv at dei har fått nok, og går med tankar om å ta sitt eige liv.

Kvifor ber dei? Kva er det dei ynskjer? Dei ynskjer framfor alt å overleve. Dei ynskjer at smertene skal forsvinne. Dei ynskjer eit verdig liv og at Gud skal vere der med bistand. Dei vonar at Gud skal vite kor inderleg dei ynskje å leve. Når helsepersonell ikkje maktar å hjelpe, vonar dei Gud skal høyre, gripe inn og endre.

Bøner om helbreiding

Kjære Gud, jeg (...) holder på å miste livet mitt (...). La meg bli frisk og hel igjen. Jeg vil ikke bare være i live. Vær snill og gi meg muligheten til et godt liv, og at ønsket om familie ikke bare blir en fjern drøm. Herre, Jeg ber deg. Hør min bønn. La meg leve!

Den andre bøna er eit døme på korleis menneske kan uttrykkje seg i bøn om helbreiding. Bønene fylgjer ofte eit bestemt mønster. Først skildrar dei sjukdomen, så ber dei om å bli friske, deretter grunngjev dei kvifor dei ynskjer framleis å leve. Orda som er brukt i disse bønene, veksler mellom utrykka ”Bli frisk”, ”Helbred” og ”Send

et mirakel". Av dei 87 bønene som handlar om ulike former for helbreiding, er det berre 6 som ber om mirakel, 23 ber om helbreiding og 58 ber om å få bli friske. Alle ynskjer å komme tilbake til livet slik det var før, men måten dei uttrykkjer seg på er ulik. Er det det same dei ber om? Det kan sjå ut som om dei involverer Gud på ulike måtar. Nokre få ber om radikal involvering. Her ber dei om at Gud må gripe inn på overnaturlig vis. Nokre ber om moderat involvering, der dei ber om at Gud på ein overnaturlig måte skal gripe inn, som eit supplement til den medisinske behandlinga. Dei fleste ber om at Gud må vere med i behandlinga og gjere slik at den verkar. Dei ber ofte for helsepersonell, der er legen nemnd flest gonger. Her ser det ut til at dei reknar med at det er den medisinske behandlinga som kan gjere dei friske, men at Gud er verksam gjennom dei som utfører den.

I desse bønene er det mange som ber om livskvalitet, om å få vende tilbake til livet slik det var før. Ynskje om å bli heil, slik det vart uttrykt i bøna vi brukte som døme, ser ut til å handle om noko meir enn å ha ein heil kropp. Det dreier seg om ei erfaring av å kjenne seg heil som menneske.

Kva er så drivkrafta? Dei vil ha eit fullverdig liv, eit lukkeleg og eit godt liv. Dei ynskjer å få leve ei tid til med barna dei har, med han eller ho dei elsker. Dei ynskjer ein framtidig familie. Eigne barn. Nokon å dele livet med. Dei har framtidsdraumar. For å få realisert desse, ber dei om helbreiding.

Bøner om overgjeving

Kjære Gud, kom til far. Gi ham styrke, fred og trygghet. Hold han fast hos deg. Også inn i døden.

Denne bøna er ei av 40 bøner som har med døden å gjere. Bønene er skrivne like før eller like etter tapet av eit menneske. Dei skriv om smerta ved å vente på døden. Bønene gjev korte innsyn i korleis pårørande tenkjer om det som skjer når eit menneske døyr. I fleire av bønene ber dei om at den som skal døy, må få ein smertefri og fredfull død. Det ser ut til at mange har ei førestilling om at tida er bestemt på førehand, og at det er Gud som fastset den. Gud er den som hentar menneske og tar imot, i døden. Før det skjer, ber dei om at Gud må komme, våke, og halde handa si over. Dei ber om at Gud må hente, ta med, bringe han eller henne "heim". Nokre

skildrar døden som ei reise. Himmelen er eit ord som er brukt berre nokre få gonger. I ei av bønene står det: ”Ber for reisen hjem til lyset og kjærligheten”. Fleire av bønene ber preg av at den som ber, har vore i kyrkjesalen, like etter dødsfallet. Dei skriv: ”RIP”, ”Hvil i fred”, ”Dypt savnet”. Bønene er forma i få ord, og har slektskap med språket som blir brukt i dødsannonsar. Nokre gonger skriv dei ”Vi ses igjen” eller ”Nå er du sammen med nn i himmelen”.

Er det mogeleg å snakke om drivkrefter, når døden er blitt ein realitet? Fred inn i døden, von om at Gud tek imot og ynskje om gjensyn er dei berande elementa i disse bønene.

Bøner for vener og familie

Kjære Herre, Takk for at du har hjulpet oss så langt. Jeg ber om at mannen min må komme seg og blir bedre, får livskvalitet og at han kan få det godt. En bønn for mine barn, barnebarn, svigerbarn, mann og alle mine kjære. Så til slutt en bønn om at jeg blir frisk og får reise hjem i morgen. Kjære Gud og Jesus, jeg elsker dere.

Bøner av denne typen er bøner for dei som er i den som ber sitt sosiale nettverk. Her ber dei for menneske dei deler livet med, og først og fremst for dei heilt nære. Bøna som er brukt i dømet, viser korleis dei ofte ber for kvar einskild i det ein kan kalle for ”storfamilien”. Den viser også korleis ei bøn, der alle vendingane er representert i ei og same bøn. Først vender ho seg utover mot alle sine kjære, så dreier bøna seg innover mot henne sjølv, for så til sist å vende seg oppover, mot Gud og Jesus.

Språket i disse bønene er kjenneteikna av bruken av eigeomspronomen, ofte sett i samband med ordet ”kjære” eller ”elskede”. Uttrykksmåten fortel noko om kvaliteten i relasjonen. Utrykka ”min”, ”mine” eller ”våre” vitnar om at det er menneske som høyrer til i ein einskap, menneske ein er glad i. Det kan vere familie, venekrets eller kollegaforhold. Den som ber, skildrar ofte relasjonen til den som blir bedt for på fylgjande måte: familien, mor, barn, far, ektefelle, vener, partner, kjærast, bror, søster, besteforeldre, barnebarn, svigerforeldre, nieser, nevøar, tanter, onklar eller kollegaer.

Lista er skriven etter frekvens, og viser ei gradering av kor ofte dei er omtalt. Familien er eit uttrykk som er brukt 90 gonger i desse bønene. Mor er nemnd 87 gonger, barn (dotter og son) 75 gonger og far 73 gonger. Foreldre-barn relasjonar blir vert nemnd om lag dobbelt så mange gonger som ektefelle og vener. Ofte står det ikkje meir enn "Be for..." på lappen. Det kan tyde på at dei tenkjer på dei og nemner dei for Gud og overleverer dei i krukka som sidan blir bedt for ved alteret.

Kva er det dei ber om? Der det er spesifisert står det gjerne at dei ber om styrke, at Gud må halde si hand over, eller at Gud må passe på. Andre skriv at dei ynskjer nokon å dele livet med. Det ligg ein tone av einsemd i desse bønene, til trass for at dei handlar om fellesskap. Dei skildrar kjærleik på avstand. Drivkreftene er på ulike måtar relatert til behovet for å høyre til, behovet for nærleik, omsorg og kjærleik.

Bøner om forsoning

Kjære Gud, tilgi meg ordene som forårsaket smerte hos min søster. Hjelp meg å bli et bedre menneske (...) Amen

Forsoning er eit tema som også har ein plass i disse bønene. Nokre handlar om tilgjeving, slik det er vist i dømet. Ord som skulle vore usagt, eller ei handling som skulle vore ugjort. Nokre ber om at ein bror eller ei søster må ta imot utstrakte hender. Dei ber om at Gud må tilgje. Det hender at dei brukar utdrag frå kyrkja si syndsvedkjenning. Den er også sitert i heilskap i to av bønene. Fleire skriv fylgjande: "Sjå i nåde til meg, syndige menneske, som har krenka deg med tankar, ord og gjerningar".

Bøner av denne typen har ofte med ekteskap og samliv å gjere. De skriv at dei slit med kommunikasjonen, at det er tungt, at det er krangling heime og at dei er sjukemelde på grunn av ekteskapet. Nokre er i prosessen med å skilje lag. Dei kan vere usamde om kven som skal ha barna og er opptekne av at dei ikkje må li. I fleire av bønene ser det ut til å vere barn som ber om at mor og far skal bli glade i kvarandre igjen. Bønene viser og at nokre er svært redde for korleis foreldre og svigerforeldre vil takle meldinga om skilsmissa. Det er sorg, kamp og omtanke for dei som er involvert som ligg under desse bønene, meir enn årsaka til at det har blitt avstand i forholdet.

Bøner om forsoning har også fått vere kategori for dei som har mista kontakt med barna sine. Det er foreldre som saknar og lengtar. Det kan sjå ut som om det er barn som bur i fosterheimar og barn som rusar seg. Dei ber: ”la barna våre komme heim” og ”vil dere be om at gutten vår skal komme tilbake”.

Drivkrafta i desse bønene er ofte ynskje om forsoning, men ikkje alltid sameining. Det kan vere nåde og oppreising i relasjon til Gud, men oftast er drivkrafta kjærleiken til dei som har kome bort.

Bøner i sorg

Beste pappa på jord. RIP. Vi alle savner deg så masse, elsker deg. En del av meg døde sammen med deg.

Bøn i sorg, starter ofte med å skildre kva som har skjedd. Nokre gonger blir tida for døden festa. Deretter kan dei av og til skrive kor dei trur den døde er faren. Dei skriv gjerne: ”Nå er du sammenn med mormor”, ”sammen med englene” eller ”hos Gud i himmelen”. Det som kjenneteiknar disse bønene, er at dei ofte er utforma som ein samtale med den som er død. Nokre fortel korleis dei har det no. Nokre skriv at dei har det bra, at historia om han eller henne lever vidare, at dei går i deira fotspor. Andre skriv at dei har fått eit tungt liv å leve, eller at noko i dei er borte. Dei skriv kor høgt dei er elska, og kor djupt dei er sakna.

Drivkreftene i disse bønene ser ut til å vere kontakt. I bøna snakkar dei til den døde som om han eller ho var levande. Bøna blir som ei bru over til ei anna verd. Den som ber får slik tilgang til den staden der dei førestiller seg at den døde er, nokre gonger direkte, andre gonger via Gud eller Jesus.

Kvardagsbøner

Må du Gud gjøre slik at dagene og nettene til nn blir gode. Vær med nn slik at hun har det godt. Vær med oss i tiden som kommer. Gi oss kraft og styrke til å komme gjennom hver dag. Amen.

I denne bønna blir natta, dagen og tida som ligg føre bedt for. Bønna er eit typisk døme på korleis mange av kvardagsbønene er utforma. I fleire av kveldsbønene er det tydeleg at det er foreldre som har barn som er innlagt på barneintensiv, som ber når dei må gå for kvelden. Andre gonger er det pårørande som er på veg heim. I bønene ber dei om at Gud må: ”våke over”, ”holde sin hand over” og ”være hos” den dei forlet. Dei skriv om smerta ved å gå og ber Gud om å vere att, som ei nattevakt. Om morgonen ber dei om at Gud skal vere med, slik at dagen blir god. Gud blir kopla til det gode i livet. Uttrykket ”være med” er å forstå som ”saman med”. Dei som ber tenkjer seg at Gud er tilstades i tid og rom. I ei bøn står det: ”Jeg er helt alene. Stå ved meg”. I ein annan tekst står det: ”Rør ved nn, slik at det blir en god helg”. Det er som om bønene også her fungerer som eit bindeledd mellom det timelege og æva, mellom det heilage og det trivielle.

I desse bønene ber dei ofte om at Gud må gje ”styrke”, ”fred”, ”visdom” eller ”von”. Dette er eigenskapar den som ber manglar eller ynskjer å ha meir av. Kvalitetar dei reknar med Gud kan gje eller supplere med. I fleire av bønene skriv dei at dei ber kvar dag. Dei skriv nokre gonger at Gud veit alt om livet deira. Somme gonger blir Gud skildra som ven. Då kan avsendaren signere bønna med: ”Hilsen Guds venn”. Kvardagsbønene viser at ein del menneske har eit nært tilhøve til Gud og ynskjer å ha Gud nær livet. Der er også bønner der relasjonen til Gud ikkje er av like intim karakter. Då kan dei til dømes skrive: ”Jeg er ikke så veldig troende, men jeg ber likevel”, eller: ”Jeg vet at jeg ikke har vært den beste opp igjennom, men tror at du hører min bønn”.

Fleire av kvardagsbønene er bønner for menneske ein ikkje kjenner. Dei ber om at menneske i andre land ikkje må gå svoltne. I samband med høgtidene er det mange som ber for einsame og heimlause, slik det er uttrykt i denne bønna: ”Ber for de mest sårbare blant oss. At de blir sett hørt og tatt vare på”.

Kva er så drivkreftene i desse bønene? Dei vil at Gud skal komme nær, at Gud skal vere der når andre går. Dei ber om kvalitetar som dei meiner Gud har, som styrke, fred, visdom og von. Kvalitetar dei treng. Mange vil ha Gud som ven, ein som veit alt om livet og går saman med dei. Dei vil også at Gud skal vere hjå menneske dei ikkje kjenner, som lever under andre livsvilkår i andre land. Dei vil framfor alt ha del i det heilage, midt i det alminnelege livet.

Takkebøner

Tusen takk for denne fredelige hvileplass dere har skaffet her midt på sykehuset, hvor vi har mulighet til å samle oss og FRED til å snakke med Gud.

Takkebønene dreier seg om alle områder i livet. Bøna eg har brukt i dømet, er vald fordi den syner at fleire av bønene i dette materialet referer til sjølv rommet den som ber, er i. Her blir kyrkjesalen omtala som ein kvilestad, og den som ber kunngjer at han eller ho forstår bøn som å ”snakke med Gud”. Der er fleire som takkar for kyrkja ved sjukehuset. ”Takk for hva denne lille kirke har betydd for meg (...)”. Ei skriv også at ho har kome til tru på Gud gjennom bøn i dette rommet. Fleire skriv at dei går til kyrkja for å finne tilbake til trua dei hadde før.

Mange takkar for at Gud har høyrte bøna dei bad. Det må bety at dei har erfaring av at det dei har bedt om er blitt realisert. Ofte er desse bønene relatert til betring av helsa. Takkebønene skildrar elles mange tilhøve i livet. Nokre er skrivne i spontan glede over gode prøvesvar, som i bøna: ”Jeg er så glad i dag (...) prøven var helt fin. Takk Jesus”. Fleire ser ut til å ha vore i kyrkjesalen like etter ein fødsel. Dei takkar for det flotte barnet dei har fått og signérer gjerne med: ”stolt pappa”. Mange takkar for dei flotte menneska som arbeider ved sjukehuset. Nokre takkar for for at dei får reise heim. Det hender også at takken er eit uttrykk for ei djupare kjensle over å vere i livet og over menneska som gjer livet verd å leve. Det at heile 90 bøner i dette materialet som er takkebøner, vitnar om at bøn ikkje alltid dreier seg om manglar.

Oppsummert kan ein sei at desse bønene er drivne av glede. Nokre gonger er det den spontane gleda og ei kjensle av lette som kjem til uttrykk, andre gonger er det den djupe gleda over å vere til og over menneska som gjer livet rikare. Når takken er retta mot Gud, syner det at den som ber har ei førestilling om at Gud har vore med å bidra til det gode i livet. Nokre gongar takkar dei for at tidlegare bøner dei har bedt, har blitt realisert.

Bøner om velsigning

Velsign mine kjære på jorden, slik som i himmelen.

Ordet ”velsign” er brukt 86 gonger. Det er ikkje heilt enkelt å vite kva den som ber om velsigning meiner med sjølvje ordet. Det er brukt både i tilknytning til stader, situasjonar og menneske. Dei ber om velsigning over: ”land og folk”, ”styresmakter”, ” familie og venner”, ”reisen” , ”kirken”, ”helgen”, ”alle de gode menneskene som arbeider ved sykehuset”, ”det ufødte barnet” eller ”mor i denne siste tiden”.

Velsigning er eit ord som sjeldan brukt i dagleg tale. Ofte blir det sett i samband med det ein kan kalle for religiøst språk. Det norske ordet ’velsign’ kjem frå det latinske ordet ’benedicere’, som tyder ”å tale vel om”. Det er ikkje eksklusivt brukt i den kristne religionen, men i lys av at bønetekstane er skrivne i ei kyrkje, er det grunn til å tru at velsigninga har referansar til bruken i ein kristen tradisjon.

Den mest kjende velsigninga i Bibelen er den aronittiske (4. Mosebok 6:24-26). Denne velsigninga inneheld fleire ledd, og rommar meir enn å tale vel om. Det er ei bøn om Gud skal la sitt andlet lysa over menneska, og gje dei vern, nåde og fred.

Den aronittiske velsigninga har vorte inkludert i kyrkja sine liturgiar. Den blir brukt ved alle gudstenester og ved kasualia som dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd. Mange har difor høyrte den og kjenner ordlyden i den. Det gjev grunn til å tru at det er innhaldet i denne dei tenkjer på når dei ber om at Gud må velsigne.

Ei av bønene om velsigning i tekstmaterialet skil seg ut ved at den er vendt innover mot den som ber. Denne bønna om velsigning er eit direkte sitat frå ein mindre kjend tekst i Bibelen:

Å om du ville velsigne meg,

utvide mitt landområde og støtte meg med din hånd!

Å, om du ville lage det sånn at jeg slipper ulykke og smerte (1. Krøn. 4:10).

Denne bibelske teksten blir gjerne omtalt som ”Jabes bønn”. Det som skil dei to bønene er at denne bønna har ei tydeleg vending innover mot den som ber, medan den aronittiske velsigninga ført og fremst er vendt utover mot andre.

Fleire av bønene i dette materialet har setningskonstruksjonar som er henta frå liturgiar og bibeltekstar. Dette kjem fram i bønna som er brukt i dette dømet: ”Velsign mine kjære på jorden, slik som i himmelen”. Her er ord frå velsigninga og bønna Vår Far kopla saman. Bønna Vår Far står i ei særstilling i den kristne tradisjonen. Det er den bønna Jesus brukte når han skulle lære menneska å be. Den er såleis ein prototype

på bøn som er integrert i fleire av dei personlege bønetekstane.

Kva er det så dei som ber om velsigning ber om? Dei ber om at lyset frå Guds andlet må skina over land og folk. Dei ber om at Gud må sjå med velvilje på menneska og komme med vern, nåde og fred.

IV. Teoretiske perspektiv på analysen av bønetekstar

Perspektiv frå eksistensialistisk filosofi

I det fylgjande skal eg sjå nærare på korleis ei eksistensiell tilnærming kan vere med å kaste lys over analysen av bønene. Her vil eg utforske om det noko ved menneske sin eksistens, ved dei vilkåra vi lever under, som kan bidra til å forstå kvifor menneske ber. Spilka og Ladd understrekar tydinga av å spesifisere den ontologiske konteksten i arbeid med bøn. Dei skriv:

Prayer's origins are of fundamental interest to the psychologist of religion. If we are to fully understand the concept of prayer, specifying its ontological context is critical (Spilka og Ladd 2013: 42).

Emmy van Deurzen har skrive ei rekkje bøker om eksistensielle tema i terapi. I boka *Everyday Mysteries* (2010)⁶ presenterer ho det filosofiske grunnlaget for ei eksistensiell tilnærming. Dei perspektiva vi skal gjere oss bruk av står i samanheng med filosofen Heidegger sin ontologi. Vi skal sjå korleis desse perspektiva kan knytast til dei eksistensielle tema og dei relasjonelle vendingane i bønetekstane. Drivkreftene spelar også ei sentral rolle i ei eksistensiell tilnærming.

Menneske i relasjonell kontekst

Menneske er stadig i endring. For å halde oss i live, er vi avhengig av kontakt med verda rundt oss. Vi er ein del av eit større nettverk. Vi er ein kanal livet strøymer gjennom, ei åre livet manifesterer seg gjennom (s. 132). Slik skildrar van Deurzen kva det vil sei å vere menneske i verda. Dei skrivne bønetekstane står også i ein større samanheng. Dei er påverka av den omkringliggjande verda, av relasjonar den som ber er avhengig av. Kanskje kan vi og seie at desse bønene er ein kanal livet manifesterer seg gjennom. Nokre gonger handlar bønene om å overleve, andre gonger om kjærleiken, om det å ta farvel med eit menneske eller om draumar for framtida.

⁶ Der eg siterer kun med sidetal i teksten, er alle referansane henta frå boka *Everyday Mysteries* (2010).

Menneske står i eksistensielle prosessar som medfører endring. Desse endringane gjer seg særskild gjeldande i møte med sjukdom. Ofte er det sjølv livet, livskvaliteten, funksjonsevna eller relasjonane som står på spel i desse bønene. Tekstane er på mange måtar korte dokument som vitnar om kva det vil sei å vere menneske i verda.

Ei utsegn skal få vere med å teikne eit bilete av den relasjonelle samanhengen menneske står i:

We are always in relation, always in context, always connected to what is around us, always defined by what we associate with. Relationship is essential to our very survival and inspires everything we are and do (s. 132).

Van Deurzen bruker ordet '*relatedness*' når ho skildrar det ho omtaler som det primære vilkåret for menneske sin eksistens (s. 134) I ontologisk filosofi er ein oppteken av kva det vil sei å vere menneske i verda. Ho er meir oppteken av å skildre *måten* menneske er i verda på. Korleis vi fungerer i relasjon til den omkringliggjande verda. Vår evne til å relatere er det heilt sentrale i denne framstillinga.

Overfører vi dette til vårt tema, kan vi spørje om bønene gjev innblikk i måten menneske er i verda på, måten vi fungerer på. Alle bønene i analysen synleggjorde på ulike måtar, korleis menneske relaterer seg til den omkringliggjande verda. Først og fremst gjennom analysen av bøna si vending, men også gjennom dei tema som gjorde seg gjeldande i sjølv bøna. Naud, helbreiding, overgjevna, familie og vener, forsoning, sorg, kvardag, takk og velsigning er alle tema som fortel noko om interaksjonen mellom menneske og verda omkring. Analysen av innhaldet gjev til ei viss grad innblikk i korleis menneske lever i den dynamiske vekslinga mellom det vi får og det vi gir tilbake, korleis vi møter det vi ikkje har bedt om og ikkje kan flykte frå.

Alle tekstane hadde ei orientering mot ulike relasjonar, det vi kalla vending. I lys av van Deuzen si skildring av kva det vil sei å vere menneske i verda, kan bøn sjå ut til å vere ein måte menneske relaterer til verda dei lever i på.

Fire dimensjonar

Van Deurzen teiknar i overført tyding eit kart kring menneske. Det gjer ho ved hjelp av filosofisk innsikt, om det som er ontologisk gitt i menneske si erfaring. Vi kan

kalle det for dei eksistensielle grunnvilkåra i livet. Kartet skal illustrere den omkringliggjande verda som består av fire kontinent. Desse er stadig er i rørsle, stadig må dei utforskast og stadig må dei omformulerast. Erfaring endrar biletet av korleis verda omkring oss ser ut, og såleis endrar det måten vi er i og forstår verda omkring oss på (s. 135). Kontinenta tilsvarer dei fire dimensjonane. Om dei skriv ho fylgjande:

Different people at different times emphasize different aspects of their existence, but none of us can avoid having physical concerns about survival, social concerns about acceptance by others, personal concerns about survival and spiritual concerns about what life is all about (s. 135).

Dei tre første dimensjonane kan førast tilbake til filosofen Heidegger sin ontologi (s. 51 og s. 212). Van Deurzen brukar nokre gonger også den sveitsiske psykiateren Binswanger sine omgrep: *Umwelt*, *Mitwelt*, *Eigenwelt* og *Überwelt* (s. 139). Omgrepa gjer det tydeleg at det dreier seg om ulike røynder, eller sfærar som menneske lever i. Desse skal ikkje forståast åtskilt. Dei overlappar, grenser opp mot kvarandre og står i motsetnad til kvarandre (s. 137).

I analysen undersøkte eg bøna si vending. Eg opererte med tre kategoriar, *innover*, *utover* eller *oppover*. Disse svarer langt på veg, til det van Deurzen omtaler som dimensjonar. Binswanger sine omgrep bidreg til å utdjupe forståinga av kva som er meint med bøna si vending. Det dreier seg om ulike sfærar, og ikkje om retning i lineær forstand. Eg valde å ta utgangspunkt i tre vendingar. Den fysiske dimensjonen vart ikkje utskild som eigen kategori, men var inkludert i analysen av bønener som har merksemda retts mot kropp og sjel. Vi såg i analysen at mange av bønene inkluderer fleire vendingar i ei og same bøn. Det stadfester van Deurzen si presisering om at dimensjonane overlappar, grenser opp mot kvarandre og står i motsetnad til kvarandre. Når menneske i bøn vender seg mot fleire dimensjonar samstundes, kan bøn vere ein måte å halde saman ulike dimensjonar ved livet på. Bønene skildrar kompleksiteten i livet, og behovet for å integrere det ein erfarer. Særskild når livet er i endring. Eg vil i det fylgjande halde saman innhaldet i dei ulike dimensjonane, med innhaldet i bønene, for slik å teikne eit fyldigare bilete av kvifor menneske relaterer til ulike dimensjoner i bøn.

Den fysiske dimensjonen

I denne dimensjonen dreier det seg om tilhøvet mellom vår fysiske kropp og det naturlige miljøet vi er ein del av (s. 143). Kroppen er utgangspunktet for all kontakt med omverda. Vår fysiske overleving er det mest fundamentale prosjektet for menneske, livet igjennom. Drivkrafta i denne dimensjonen dreier seg difor i hovudsak om overleving og reproduksjon (s. 139). Vi lever i spennet mellom fødsel og død, og lærer oss å verne oss mot farar og søkje ly der det er trygt (s.147).

Det å ha ei god helse er avgjerande for å overleve. Den svake, sjuke eller skada kroppen er ein trugsel mot sjølve eksistensen vår. Utan hjelp frå andre, utan samfunnet sitt vern, ville den sjuke eller svake kroppen føre menneske rett inn i døden. Sofistikert teknologi har gjort det mogeleg for menneske å overleve etter alvorleg sjukdom og leve vidare med ulike former for sjukdom (s. 148).

Denne korte skildringa både av innhaldet i den fysiske dimensjonen og av drivkreftene, syner at denne dimensjonen står i nær samanheng med innhaldet i bønene under temakretsen ”Kropp og helse”. Viljen til liv var ei sentral drivkraft i desse bønene. Dette er også i van Deurzen si framstilling, ei av dei fremste drivkreftene i vår eksistens. Menneske som ber om helbreding i konteksten av eit moderne høgteknologisk sjukehus, ber i hovudsak om at Gud må vere med i sjølve behandlinga og gje visdom til dei som skal utføre den, framfor å be om at Gud skal gripe inn på overnaturlig vis. Gud blir her sett på som ein samarbeidspartnar. I nokre av bønene stod det: ”Gud, du er den beste lege”. Utsegnet kan vi forstå slik at når livet er truga, er det ein lækjar ein har bruk for. Det er difor denne kvaliteten ved Gud dei som omtaler Gud som lækjar søker.

Nokre få bønner i vårt materiale var bedt i samband med fødselar og 40 av bønene var bedt av pårørande like før eller etter døden. Fødsel og død plasserer van Deurzen i den fysiske dimensjonen (s. 136). Ein barnfødsel fører menneske inn i eit tilvære som på mange måtar er svært fysisk (s. 146). Om ikkje helsa er god, om ikkje mat og fordøyinga fungerer, kan barnet ikkje leve. Barnet er avhengig av andre for å sikre sin eksistens. Når livet går mot slutten, vender menneske tilbake til denne fundamentalt fysiske måten å fungere på. Om døden skriv ho: ”At the end of life we frequently get thrown back to existing purely on this physical plane. We may have the experience of becoming almost like a baby again” (s. 147).

Både barnet og den som skal døy er avhengig av menneska rundt. Fødselen og døden viser at naturen er sårbar. Bønetekstane som handla om døden var skrivne både for den som var i ferd med å døy, og nokre av bønene var skrivne like etter dødsfallet. Dei bad om at den som skulle døy måtte bli teken imot, andre gav uttrykk for ei von om å få sjå kvarandre igjen. Overgjevnad stod sentralt i desse bønene. Frå vår erfaring gjennom livet, både i møte med det nyfødde barnet og med den som skal døy, veit vi at ingen kan overleve utan andre. Kanskje er bønene om overgjevnad ei overføring av denne erkjenninga. Menneske er avhengig av andre for å overleve. Mange bad om at Gud måtte ta imot menneske i døden. I fleire av bønene stod det: ”Vi legger han, eller henne, i Guds hånd”. Vi kan forstå uttrykket ”Guds hånd” slik at Gud tek over den funksjon menneske har hatt i relasjon til den som skal døy. Nokre av bønene skildra og håp eller overtyding om at menneske skal møtast igjen, etter døden. Den fysiske dimensjonen er så grunnleggjande for vår eksistens, at det er vanskeleg å førestille seg eit liv etter døden utan ein fysisk dimensjon. Vi kan spørje, må menneske ha ein kropp for å kunne møtast igjen etter døden? Det kan sjå ut som om det kviler ei førstilling i fleire av bønene om at kroppen skal gjenopprettast. Van Deurzen skriv ikkje om livet etter døden. Ho skriv om døden som ei kraft vi freistar å halde på avstand, og om døden som bryt naturen ned. Difor minnar møter med døden oss om kor sårbare vi er. I vår eksistens er døden eit mysterium (s. 147).

Den sosiale dimensjonen

Den sosiale dimensjonen dreier seg i stor grad om interaksjonen mellom menneske (s.160). Det handlar om korleis vi relaterar, måten vi kommuniserer på og den funksjon ”verda av andre” har i våre liv (s. 139). Denne dimensjonen svarar i stor grad til bønene som vart plassert under temakretsen ”Bøn i nære relasjonar”.

I analysen vart det utforma ei liste over relasjonar som var nemnd i bønene. Dei aller næraste i familien, var nemnd flest gonger. Van Deurzen har laga eit hierarkisk skjema over dei menneska som høyrer til i vårt sosiale nettverk. Skjemaet er tre-delt og består av: *eldre generasjonar* der ho plasserer foreldre, besteforeldre og forfedre, *jamstilte relasjonar*, der ho plasserer ektefellar, søsken, vener og kollegaer, og *etterkomarar* der ho plasserer barn, barnebarn, nieser, nevøar etc.

Ho skriv at relasjonen til våre føresette står i ei særstilling. Dei etterlet eit avtrykk i oss som speglar korleis vi seinare i livet relaterer til andre:

Obviously our relationships to our parents or guardians are crucial in this early exploration of human relations. This becomes our blueprint. Whether we feel protected and cared for, or coerced, ignored or ill-treated, has a decisive impact on the way in which we relate to others (s. 155).

I bønetekstane såg vi at mor, far og barn var nemnd flest gonger. Dei var nemnd om lag like mange gonger. Tala fortel noko om den signifikans dei heilt nære relasjonane har i våre liv. Foreldre plasserer van Deurzen i eldre generasjonar, og mor var den som var nemnd flest gonger (87). Ektefelle og nære vener blir i van Deurzen sitt skjema definert som jamstilte relasjonar. Det var dei som frekventerte oftast etter foreldre og barn, men er nemnd berre halvparten så ofte. Analysen samstemmer såleis med at relasjonen mellom foreldre og barn står i ei særstilling, også i bøn.

Drivkrafta i den sosiale dimensjonen kan bestå av ulike ting. Ofte handlar det om å bli godteken, ei erfaring av å høyre til og om å bli elska (s. 161). Mange av bønene inneheldt sterke skildringar av kjærleik. Der var fleire uttrykk som skildra verdien av eit anna menneske. Det galdt særskild i bønner om sorg. Bønene skildra endringar som oppstår i relasjon, slik tilfelle kan vere ved sjukdom, i konflikter eller når nokon døyr. Nokre av bønene uttrykte kjensler ein kanskje ikkje ville våge å uttrykke, ansikt til ansikt. Det var i hovudsak kjensler av positiv karakter, men også nokre gonger negative kjensler.

Van Deurzen omtalar kjenslene som eit relasjonelt kompass (s. 161). Dei regulerer tilhøvet mellom nærleik og avstand og uttrykkjer kvaliteten i relasjonen. Kjærleik nemner ho som døme på ein av dei fremste verdiane i den sosiale dimensjonen, og definerer det som ei positiv erfaring i intime relasjonar (159). I fylgjande sitat skriv ho om kjærleiken:

It is hardly surprising that people find it both extremely important and satisfying, it is not surprising either that love is so hard to maintain, especially in the face of opposition, separation or any other threat (s. 312).

Fleire av dei som skriv bønner i konteksten av eit sjukehus, står i vanskelege livssituasjonar. Å vere i kontakt med positive kjensler, gjev oppdrift. Kjærleik, takksemi eller håp er av slik karakter. Ei forklaring på kvifor dei positive kjenslene

viste seg å vere dominerande i bønene, kan vere knytt til behovet for oppdrift hjå den som ber. Å vere i kontakt med det som betyr noko, det som er viktig, er tilfredstillande. Positive kjensler i bøn, kan såleis vere ein måte å meistre motgang på. Vi kan umiddelbart tenkje motsett når det gjeld kjensler som omhandlar sorg eller skuld. Sorga tappar oss for energi, fører til at ein blir nedstemt, og høyrer heime blant dei negative kjenslene (s. 144). Likevel kan det å få utløp for sorga, gje ei kjensle av lette. I fleire av bønene fekk vi inntrykk av at menneske kom i kontakt med sorg som gjekk langt tilbake i tid. Om sorga skriv van Deurzen:

Many people feel a great sense of release when they can give in to their grief and mourning. (...) We need to deplete ourselves fully and let the emptiness be, otherwise we shall never be ready to be filled again (s. 310).

Bøn kan såleis fungere som ein måte å tømme seg for vonde kjensler på, og såleis førebu eit menneske på å ta imot nye menneske i livet. Når kjensler blir skildra i bøn, anten dei dreier seg om kjærleik, takksemd, håp, sorg eller skuld, er det er nærliggjande å forstå bøn som ein metode for emosjonell avlasting. Sjølve prosessen med å ikle kjenslene ord, plassere dei i ei krukke, vil kunne ha ein avlastande funksjon, som kan gje lette eller endring hjå den som ber.

Den personlege dimensjonen

I den neste dimensjonen, som van Deurzen omtaler som *den personlege*, er merksemda vendt innover mot "sjølvvet" (s. 163). Her er det ulike aspekt ved vår individualitet som spelar inn. Refleksjon er det reiskap vi nyttar for å etablere ei indre verd, og det er her vi utviklar vi vårt personlege "eg" (s. 163). Ho skildrar det som føregår i denne dimensjonen på fylgjande måte:

If it all goes well (...) we create a realm of warm security for inner dialogue deep inside of the external circles of bodily self and social self. In the realm of the personal self, we relate to ourselves and to those that we allow into this most inner circle. For some of us, the enchanted space will be open to certain loved and trusted objects or animals (s. 163-164).

Slik identifiserer ho eit område, der det føregår ein indre dialog i mennesket. Dialogen kan vere vendt mot ”sjølvvet”, mot andre menneske eller mot dyr. Utrykket ”Trusted objects” kan for nokre også vere Gud.

I vårt materiale var det 76 bønner som åleine var vendt innover. Forklaringa på at det er så få, kan vere at bønnelappar, er lite eigna til indre dialog. Kanskje viser det også at bøn ikkje må forståast som ei form for narsissisme. Dei som ber ser ut til å vere meir opptatt av andre enn seg sjølv. Bønene som var vendt innover var dei bønene som var lengst, nokre var skrivne på fleire ark. Dei skreiv om det dei har lært gjennom sjukdomen og nokre skildringar var av svært privat karakter. Bønene som var vendt innover, finn vi i alle temakretsane, men dei fleste høyrer heime i kategorien ”Kvardagsbønner”.

Vår identitet er stadig under konstruksjon. Livet fører oss stadig inn i nye erfaringar, som endrar konstruksjonen av kven vi er (s. 165). Van Deurzen skriv ikkje eksplisitt kva som er drivkrafta i denne dimensjonen, men styrking av identiteten viser seg som det heilt sentrale (s. 167). ”Styrk” er og eit av dei orda som ofte blir brukt i bønene. Heile 50 bønner er bønner om å få styrke eller bli styrka. Sjukdom medfører endring, identiteten kan bli styrka eller svekka. Styrking av identiteten kan vere med å gje meining for den som står i livsendrande prosessar. Tankane er kompasset som leier oss vidare i møte med nye og nokre gonger skjelsetjande erfaringar. Sjølvrefleksjon i bøn spelar difor ei viktig rolle for kven vi blir, særskild i møte med erfaringar vi helst skulle vore for utan.

Den andelege dimensjonen

Den siste av dei fire dimensjonane er den andelege. Det dreier seg om den overordna konteksten vi plasserer erfaringane våre i. Überwelt og meta-verden er sentrale omgrep i det van Deurzen omtaler som ”The spiritual dimension” (s. 168). Ho skriv: ”People cannot live without beliefs and values”. Utsegnet viser at ho bruker ordet spiritualitet i vidaste tyding, om våre verdiar og det vi held for å vere sant.

Meiningssystem, ideologiar, religion og livssyn står sentralt utforminga av menneske sitt livssyn. Ikkje alle er like opptekne av denne dimensjonen ved livet. For mange eksisterer den uartikulert og implisitt i det vi seier og gjer. Om dette skriv van Deurzen:

People sometimes do not like to speak of spirituality, for they confuse it with religion. Given the current unpopularity of religion, many people distance themselves from anything to do with spirituality (s. 169)

Kvar av dei 888 bønetekstane kan vi sei er eit avtrykk av den andelege dimensjonen i livet. Analysen synte at det er mange som ber om guddommeleg nærvær i samband med sjukdom eller død, i familie og samliv, og i kvardagen. Eit uttrykk som kan vere med på å forklare kvifor det var så mange bønner om Guds nærvær, er det van Deurzen omtaler som "a sense of the sacred" (s. 170). Ho meiner dette er eit behov som har å gjere med religionstapet i den vestlege verda. Ho skriv at menneske er trøtte av "health, wealth and self". Dei søkjer noko meir.

Når det gjeld omtale av det guddommelege, var Jesus berre brukt i 47 av bønene. Dette er det mest eintydige uttrykket for at den som ber høyrer til i ein kristen tradisjon. Eg skal vere varsam med å dra raske konklusjonar her, men tala kan tyde på ein tendens. Fråveret av gudsnamn og dei meir opne gudsnamna som blir brukt, kan vere eit uttrykk for ei svak tilknytning til den kristne tradisjonen i retning mot ein mindre dogmatisk spiritualitet.

Kva er drivkrafta i denne dimensjonen? Sentralt her er behovet for meining (s. 170). Menneske har behov for å forstå samanhengen mellom det dei erfarer og verda omkring. I nokre av bønetekstane stod det: "Kvifor? Kvifor Gud?" Menneske vil ha svar. Nokre finn svara i religionen, andre utanfor.

Oppsummert kan vi sei at menneske ber fordi livet er eit sårbart prosjekt, og menneske er avhengig av andre for å overleve. Ved eit sjukehus er der mange som er i situasjonar der dei ikkje veit om dei får leve vidare eller kjem til å døy. Bøn blir såleis ein måte å be om hjelp på, og relatere til dei ulike røyndene menneske lever i på. Den sosiale dimensjonen stod i dei skrivne bønetekstane, i ei særstilling. Dei bad først og fremst for menneske i nære relasjonar. Dei sterke skildringane av kjærleik, kan vere eit uttrykk for behovet for oppdrift, i tider med motgang og sjukdom. Dei bad også for helsepersonell, fordi dei har ein sentral funksjon i helbredinga. Gud blir ofte påkalla som ein som styrkar behandlinga eller når døden er ein realitet. Analysen av bønetekstane i lys av eksistensielle perspektiv, bidrog til å forstå kvifor menneske vender seg mot ulike relasjonar i bøn, og kvifor dei ofte flyttar seg i fleire dimensjonar samstundes i bøn. Det kan sjå ut til at bøn er ein metode for å integrere erfaring frå dei ulike sfærane i livet på. Bønetekstane kunne vere vendt innover mot

sjølvet, utover mot andre eller oppover mot Gud. Dette svarar til det van Deurzen skildrar som dei fire dimensjonane i livet. Det dreier seg om fysiske, sosiale, personlege og andelegje dimensjonar. Ei sentral drivkraft i desse bønene var viljen til liv og ynskje om livskvalitet. Ein kan såleis sei at menneske ber fordi dei treng andre menneske og nokre gonger Gud for å leve, overleve og leve vidare etter døden.

Religionspsykologiske perspektiv på bønetekstane

Eg skal i det følgjande bruke religionspsykologiske perspektiv i fortolkinga av det empiriske materialet. Det overordna spørsmålet er: *Er det noko i menneske sin natur som gjer at menneske ber?* Her vil eg sjå nærare på tilhøvet mellom *drivkreftene* slik dei vart identifisert i bønetekstane og *begjær* slik det blir forstått i Ulanov si framstilling⁷. Boka *Primary Speech*⁸ er først og fremst ei bok om bøn. Psykologien si rolle i denne framstillinga er sekundær. Den tenar til å utvide den grunnleggjande forståinga av bøn og kva det er som går føre seg i mennesket som ber. Ulanov siktar ikkje mot å gje ei strengt vitskapleg framstilling, og argumenterer med at det ville vere i strid mot bøna sin natur. Metafysiske diskusjonar får difor vere med å prege samtalen (s. viii).

Bøn som ”Primary Speech”

I analysen av bønetekstane sin sjanger, samanlikna eg tekstane med den kommunikasjonsforma ein ofte brukar i personlege brev eller språket ein brukar i SMS. I litteraturen om bøn er der ulike måtar å definere bøn på. Dei fleste er einige om at bøn er ei form for kommunikasjon (Spilka og Ladd 2013: 11). Dette er også utgangspunktet i Ulanov si framstilling. Eg vil starte med å utdjupe kva dei meiner med bøn som ”primary speech”.

Ulanov skriv at bøn kan førast tilbake til den før-språklege fasen av livet. Dei startar med å skildre kommunikasjonen som oppstår mellom det nyfødde barnet og mor. Dei instinkta og emosjonane som driv barnet til å vende seg mot mor for å få tilfredstilt sine grunnleggjande behov, er dei same instinkta og emosjonane som

⁷ Barry Ulanov var professor i engelsk ved Barnard College NY. Ann Belford Ulanov er professor i psykiatri ved Union Theological Sminary, NY. I 1996 mottok ho Oscar Pfister prisen som kvart år vert utdelt av American Psychiatric Assosiation og Assosiation of Mental Health Chaplains.

⁸ Når eg referer til sidetal i teksten, er alle referansane henta frå boka *Primary Speech* (1982).

melder seg i bøn. Dei skriv at barnet vender seg utover mot noko dei sansar er der (s. 2). Ulanov finn støtte for denne måten å forstå bøn på, i Melanie Klein si spedbarnsforskning. Ho skal sjølv ha uttrykt at ho gjennom sine observasjonar såg ein samanheng mellom det som skjer i denne første kommunikasjonen i menneskelivet, og det som seinare skjer når menneske byrjar å be (s. 2).

Den første typen bøn som vart identifisert i dei skrivne bønetekstane, var bøner bedt i naud. Denne type bøn blir ofte omtalt som bøna sitt ”hjarte”. Det vil sei bøner som skildrar sjølvve essensen i kva det vil sei å be (Capps 1982: 321). Bønene som var bedt i naud, var vendt mot noko utanfor mennesket. Ofte var bønene forma som rop. Nokre gonger var det tydeleg at dei vende seg mot Gud, andre gonger var bøna forma som eit rop ut i lufta mot ”Gud, eller hvem du nå er”. Bønene kretsa kring akutte behov. Ei samanlikning av det Ulanov skriv om bøn som ”primary speech”, og innhaldet i bøner bedt i naud, syner kor lik kommunikasjonen kan vere. Barnet ropar for å få mat, for å få stilt ein torste, eller for å finne vern mot fare (s. 14). Menneske i naud ropar for å få hjelp til å overleve når dei erfarer at livet er truga. Drivkrafta både hos spedbarnet og hos den som er i naud, er styrt av instinkt og emosjonar som er i menneske sin natur frå fødselen av.

I Ulanov si framstilling er bøn ”primary speech” også på ein annan måte. Dei ser ein samanheng mellom det ein i psykologien kallar for primærprosessering og bøn. Uttrykket primærprosessering referer til det non-verbale språket, som kjem til oss i bilete eller uttrykkjer seg i form av emosjonelle ynskjer. Det dreier seg om det indre språket som er leverandør til det ytre språket vi brukar (s. 3) Framstillinga her er komprimert, men viser korleis Ulanov gjer seg bruk av psykologiske teoriar og koplar dei til forståinga av bøn.

Eg har tidlegare stilt spørsmål om kvifor menneske vel å skrive ned bønene sine. Det er truleg fleire grunnar til det, men i lys av denne måten å forstå bøn på, blir skrift eit reiskap som kan gje språk til det ein før ikkje har hatt språk for. I innleiinga til analysen skreiv eg at bøn kan vere ein tanke, ei kjensle eller ei erfaring. Når indre bilete og flyktige tankar blir språksett, utviklar menneske medvit. Dei skrivne bønetekstane kan såleis bidra til å utvikle medvit om eigne behov, kven som er viktige for oss og kva funksjon Gud har i liv og i død.

Bøn som ”primary speech” bidreg til å forstå bøn som ei allmenn kommunikasjonsform. Menneske er fødd med dei instinkta og emosjonane, som driv menneske inn i bøn. Alle har noko dei treng, og alle har noko dei fryktar. Difor kan

ein sei att alle menneske ber. Bøn blir gjennom språket ein brukar, ein måte å utvikle medvit på. Det er ikkje å forstå som ei kommunikasjonsform berre for dei få. Det er eit språk alle snakkar, anten dei vender seg oppover mot Gud, innover mot sjølv eller utover mot andre menneske.

Eit utviklingsperspektiv på bøna si vending og tema i bøn

Det empiriske materialet viste tydeleg at mange av bønene hadde fleire dimensjonar representert i ei og same bøn. Ikkje alle bønene var direkte vendt mot Gud. I Ulanov si framstilling står også bøna si orientering sentralt. Dei skriv at utgangspunktet for all bøn er kroppen. Bøn fører difor menneske rett inn i den indre røynda som er i menneske. Difor skriv dei: "Prayer is not an escape form the world, but an entrance into it" (s. 4).

Bøn er såleis ikkje å forstå som livsflukt eller noko i ei særskild andeleg sfære. Bøna treng difor ikkje vere retta mot Gud eller høgare makter for å bli definert som bøn. Når menneske vender seg innover mot kroppen, og lyttar til stemmar som taler til oss ut frå våre erfaringar i kroppen, oppdagar vi kva det vil sei å vere i verda og kor mykje av det vi erfarer i verda, som er med oss (s. 4) Når menneske rettar merksemda innover mot sjela, skjer det ofte ei vending hjå den som ber (s.9). Merksemda som først var vendt innover, flyttar seg utover mot den ytre verda. Vi vender oss mot menneska som har hatt ein plass eller er framleis har ein plass i våre liv. I denne dynamiske vekslinga mellom indre og ytre verd, risikerer vi også å sanse noko som er heilagt. Dei skriv at Gud allereie er i kroppen, fordi kroppen er utgangspunkt for alt menneske erfarer. Menneske kan difor ikkje erfare Gud nokon annan plass enn i kroppen. Her stør dei seg til filosofen Husserl si tenking om menneske sin intensjonalitet. Husserl skriv at den einaste måten menneske kan vite noko om Gud på, er gjennom bøn (s. 8).

Bøna si orientering blir her forstått som noko som er i utvikling. Først orienterer ein seg innover mot kroppen, så utover mot andre, og til sist oppover mot Gud eller det guddommelege. I dei skrivne bønetekstane var der 98 bøner som hadde alle tre dimensjonane representert i ei og same bøn. Ei av bønene som vart brukt som døme i analysen, synta at den som bad, først vende seg utover og bad for familien. Deretter vart bøna vendt innover. Den som bad hadde eit ynskje om sjølv å bli frisk.

Til sist vart bønna vendt mot Gud, mot kjærleiken til Gud og Jesus. Dømet viser det som er typisk for mange av desse bønene. Det ingen systematikk i kven dei i bønane nemner først og sist. Vi kan difor ikkje finne eit fast utviklingsmønster i dei skrivne bønetekstane, slik det er skildra i Ulanov si framstilling. Perspektiva om at all bøn går føre seg i kroppen, og all bøn byrjer og endar i kroppen, er perspektiv som er nyttig å ha med, for å unngå å forstå bøn som ei flukt inn i ei andeleg sfære.

Dei fleste bønetekstane hadde ei orientering utover mot andre. Bønene kunne gje inntrykk av at dei som ber for andre, er menneske med ei altruistisk åtferd. Slik kan det sjå ut på overflata. Ulanov skriv at bøn for andre rører ved identiteten til den som ber. Dei uttrykkjer det på fylgjande måte: "When I pray for my friend, that friend's being touches my own being" (s. 15).

Menneske ber for vener og familie, fordi kjærleiken treng både eit subjekt og eit objekt for å bli realisert. Dei skriv at bøn for andre, ofte vekker bilete frå fortida. Vi ser for oss andlet og hugsar ord som vart sagt: "First, we must really see those persons, catch them in the mind's eye" (s. 85).

Dei menneska vi ber for, blir levande for vårt indre auge. Dette kom til uttrykk på mange måtar i bønetekstane, særskild i bønene som var utforma som ein samtale med den ein bad for.

Kvifor ber dei for andre? "We know that our love is not powerful enough to protect them from all harm, from all illness, from all evil, from death" (s.86). Menneske ber fordi kjærleiken ikkje er sterk nok til å verne dei vi er glad i. Bøn kan såleis bidra til å losne grepet, gje slepp på kontroll, slik at kjærleiken får eit meir fleksibelt uttrykk (s. 86). Bønetekstane som var utforma som ein samtale med andre menneske, var ikkje berre relatert til dei som lever rundt oss, men også til menneska som lever i oss (s. 88). Bønene var utforma som ein samtale både med levande og døde. Høgtider og merkedagar genererte samtalar med levande. Ved fødselsdagar kunne dei skrive: "Gratulerer med dagen nn, håper du får en fin dag". Bøner i sorg vart ofte utforma som samtalar med den som var død. "Du var den beste pappa i verden". Slik vart dei som var fråverande levande i bønane. Det ser ut til at menneske ber for andre, for å halde relasjonen til menneske ein er glad i levande (s. 89).

Er der særskilde tema som frekventerer hyppig i bøn? Ulanov går i rette med den kristne tradisjonen, som har lært oss at visse tema er upassande, ureine eller demonske i bøn (s.6) Likevel skriv dei at det er visse tema som vi har lettare for å be om enn andre. Når det gjeld helseplager er det ofte slik. Moralske tema derimot, kan

vere vanskeleg å komme fram med, særskild ovanfor Gud (s.5). Sjølv om der var moralske tema som gjorde seg gjeldande i dei skrivne bønetekstane, er det få bønner av denne typen, samanlikna med bønner som er relatert til sjukdom. Det kan dels ha å gjere med at bønene har blitt utforma ved eit sjukehus, men truleg ville det vore slik om var skriva i andre kontekstar også.

Begjær og frykt i bøn

I analysen undersøkte eg drivkreftene i bøn. Viljen til liv, behovet for intimitet og nærleik og ynskje om at det skulle vere ein gudsrepresentasjon i døden vart identifisert som sentrale drivkrefter i bønetekstane som heilskap.

All bøn startar med begjær og begjæret er den motiverande krafta i bøn (s.13). Det kan samanliknast med ein svolt, ein tørste, eller ein mangel. I Bibelen er begjæret skildra som tørste etter levande vatn. I psykologien er det forbunde med libido, krafta som etterlet menneske med ulike behov for å bli tilfredstilt (s. 13 og 21). Det er ei drift som førebur menneske på ”det store møtet” der alt fell på plass og er heilt (s.14). ”We long for contact, for connection at the center, that grounding that brings full-hearted peace of mind and soul” (s.13).

I bønetekstane var det mange ynskjer. Ynskje om at barnet i mors liv skulle vere friskt. Ynskje om at nokon skulle komme heim. At mor og far skulle bli glade i kvarandre igjen. Dei bad om eit heilt liv og om å få kjenne seg heile som menneske. Dei ville bli friske, gifte seg og få barn. Dei ville at Gud skulle ta imot nokon dei var glade i, i døden. Så mange ynskjer og så mykje lengt.

Kva meiner eigentleg Ulanov med ”Det store møtet”? Bønner som vart bedt for den som skulle døy, kan forståast som heilt konkrete dømer på vona om eit møte med Gud, der menneske kan bli fri frå smerter og få fred frå alle sine plager. Bønetekstane viste derimot at dei aller fleste som bad hadde eit inderleg ynskje om å få leve. Begjæret var retta mot livet. Drivkreftene i desse bønene, kan ein forstå som noko som førebur menneske på ”det store møtet”, slik Ulanov uttrykkjer det. Då vil eit kvart menneskeleg møte som bidreg til einskap, til ei erfaring av å høyre til eller av å bli elska, vere å forstå som noko som føregrip, det som mange vonar døden ein gong skal komme med: ”det store møtet” med Gud.

Til sist skal vi sjå kva Ulanov skriv om frykt som underliggjande drivkraft i bøn. Frykt var i liten grad direkte skildra i dei skrivne bønetekstane, men bak orda og

mellom linene kan vi avlese ei uro eller ei redsle. Ulanov skriv at frykt fører menneske rett inn i bøn (s. 51) . I akutte kriser, stilt ovafor ytre truslar, er bøna som ein brytar som skrur seg på. Det oppsiktsvekkjande med måten dei skildrar tilhøvet mellom frykt og bøn på, er at bøn ikkje ser ut til å ha ein dempende verknad på frykt. Tvert imot, bøn forsterkar ofte frykt, fordi bøna fører menneske rett inn i det som allereie er der. Dersom ein blir verande i bøn og ikkje flyktar frå angsten, kan den gradvis sleppe taket og styrken i kjensla vil bli mindre. Etter kvart kan den som ber bli i stand til å vende merksemda bort frå seg sjølv. I denne rørsla, kan den som vender seg mot Gud, komme til å overgje det ein fryktar (s. 62). Bøna blir såleis metode som bidreg til å gje slepp på det vi ikkje har kontroll over. Den som ber kan slik erfare endring. I bønetekstane kom dette til uttrykk i bønene der det stod: ”Vi overgir alt i din hånd” eller ”Vi legger han i dine hender”.

Erfaringa av å ikkje eige kontrollen over sitt eige liv eller ha kontroll over andre sin død, skaper ofte uro og redsle (s. 61). Overgjevna kan redusere redsla, og slik endre erfaringa av å vere maktelaus. Mange av bønene om overgjeving vart bedt for den som skulle dø, men også mange var bedt i samband med sjukdom og den uvissa som fylgjer med alvorleg sjukdom. Når menneske overgjev ”alt” til Gud, kan dei komme til å erfare at noko i dei endrar seg (s. 62). Her blir det tydeleg at bøn ser ut til å ha størst verknad for den som ber. Det kan forklare kvifor dei ber. Ulanov kallar dei endringane som nokre menneske erfarer i bøn for transfigurasjon: “The way things appear to us and the way we appear to others, have both been fundamentally changed. Our lives have been transfigured through prayer” (s. 117).

Transfigurasjon blir ofte brukt når ein skapnad blir omskapt til noko vakrare. Bøn kan altså forandre menneske. Ein blir ein annan enn den ein var.

I lys av dei religionspsykologiske perspektiva, kan vi oppsummere med å sei at bøn er ei form for kommunikasjon. Slik barnet ved hjelp av instinkt og emosjonar, vender seg mot mor for å få stilt ein svolt eller ein tørste, vender menneske seg mot noko utanfor seg sjølv, i bøn. Ein måte å forstå bønetekstane på, er at dei er eit uttrykk for det indre språket eit kvart menneske kan ha med seg sjølv, med andre eller med Gud. Bøn kan såleis fungere som ein måte å utvikle medvit på. Dei fleste som ber i konteksten av eit sjukehus, ber for andre. Ulanov skriv at kjærleiken ikkje er sterk nok til å verne menneska vi er glad ifrå ulykker, sjukdom og død, difor ber vi for andre, for å gje slepp på kontroll. Begjæret var den motiverande krafta i mange av bønene som var vendt mot andre. Bønene var drivne av eit ynskje om å kjenne seg heile som

menneske, eller ein lengt etter å høyre til. Også frykt er ei sentral drivkraft i bøn. I møte med det ukjende og i møte med døden ber ofte menneske, for å overgje frykta til Gud. I lys av dei religionspsykologiske perspektiva kan vi sei at menneske vender seg mot noko utanfor seg sjølv, mot noko dei sansar er der, fordi bøn eit primær språk i menneske sin natur. Dette kom særskild til syne i bøner bedt i naud.

Perspektiv frå klassisk kristen spiritualitet

Til sist vil eg gjere bruk av ein tekst om bøn som vart skriven i den spanske byen Avila, om lag eit halvt årtusen før dei skrivne bønetekstane vart lagt i bønekrukka ved SUS. Skriftet *The Interior Castle*⁹ er forfatta av den spanske mystikaren Teresa av Avila (Avila 1577/2015).¹⁰ Der er ein avstand i tid og kontekst mellom Teresa sin tekst og dei skrivne bønetekstane som gjer det vanskeleg å samanlikne både når det gjeld språket i tekstane og bønna si form. *The Interior Castle* blir rekna for å vere ein klassisk tekst om bøn.¹¹ Dette gjer det mogeleg, slik eg ser det, å bruke perspektiv frå denne teksten i fortolkinga av bønetekstane.

Teresa skriv om det ho sjølv har erfart i bøn. Ho skildrar det som føregår i relasjon til Gud når menneske ber. Er der kontinuitet mellom det ho skildrar og innhaldet i bønetekstane? Er drivkreftene dei same eller er det noko anna ho ynskjer å oppnå i bøn enn det som vart skildra i analysen?

The Interior Castle høyrer til i ein kristen tradisjon.¹² Skriftet har vorte utforma i ein monastisk kontekst.¹³ Teresa vart vart oppmoda av sin skriftefar til å skrive som eit tilbakeblikk etter eit langt liv i bøn (Frohlich 2010: 216). Ho fullførte skriftet då ho var 62 år. I opninga av skiftet skriv ho om sin eigen motstand mot å skrive. Ho er plaga med sjukdom og skriv: ”I have had, for the last three months, such a noise in my head, attended with extreme weakness, that I write with pain” (s. 11). Vidare uttrykkjer ho og kor vanskeleg det er å finne språk for dei overskridande erfaringane ho har hatt i bøn. Difor er skriftet fylt av metaforar og biletspråk. Teresa

⁹ Orginaltittelen på spansk er enten El Castillo Interior eller Las Moradas.

¹⁰ Eg referer berre med sidetal til Avila sin tekst. Her har eg brukt Rev. John Dalton si omsetjing frå 2015.

¹¹ Den har overlevd i generasjonar og skapt endring i liva til dei som har lest den. Det er også ein tekst som har hatt innflytelse på den normative læra i tradisjonen (Holder 2009: xiv; Frohlich 2009: 206).

¹² Bøn i ein kristen spiritualitet vil på ulike måtar vere knytt til Jesu liv og har Skrifta som norm (Cunningham og Egan 1996: 68).

¹³ I den monastiske bønetradisjonen blir Salmane i Bibelen resitert kvar veke, og brukt i meditativ lesing (lectio divina). Salmane i Bibelen vert omtalt som Bibelen si bønabok og er det skriftet som har hatt størst verknad på den jødisk-kristne bønetradisjonen (Hayward 2005: 514f).

var jødisk konvertitt og reformator av karmelittordenen, og ho visste at ho var under oppsyn av den spanske inkvisisjonen (Frohlich 2010: 211). Ho skreiv for søstrene i klosteret, men få år etter det var fullført, var skriftet spredt langt utanfor Spania sine landegrenser (Frohlich 2010: 216). *The Interior Castle* vert rekna for å vere hennar mest fullkomne verk.

Presentasjon av The Interior Castle

Teresa har hatt ein indre visjon i bøn. Ho samanliknar menneske si sjel med eit krystallklart slott. Gjennom skriftet stansar ho ved ulike rom og kvilestadar i sjela. Kvilestadane er der menneske oppheld seg i bøn. Ein kan vandre til og frå dei ulike romma og slik bli kjend med dei kapasitetar som er i mennesket. Ved den inste og sjuande kvilestaden er Gud (s. 14). Gud blir skildra som ei lyskjelde som kastar lys over romma i sjela. Menneske kan ved å be sanse at Gud er nær, kjenne varmen og skimte ljuset, men vegen heilt fram til eit møte med Gud er lang (s. 17). Den går gjennom bøn og fordrar at den som ber er uthaldande og audmjuk (s. 15). Ho skriv at Gud har ein bustad i alle menneske. Alle kan difor erfare eit slikt møte. Om det tek dagar og år forlet Gud aldri denne plassen (s. 17 og 26). Gud er i Teresa si framstilling ein Gud som ventar, og bøn blir skildra som ei reise innover i sjela, ei reise mot Gud.

Eg vil kort presentere eit utdrag frå visjonen hennar, fordi den dannar grunnlag for skriftet som heilskap:

Let us consider our soul as a castle, composed entirely of diamonds or very clear crystal, in which there are many rooms (...) some above, some below, and others on the sides, and that in the centre of all these is a principal room, in which subjects of the greatest secrecy are discussed between God and the soul (...) the gate by which we are to enter this castle is prayer and consideration (s.13, 14 og 15).

I dei skrivne bønetekstane frå sjukehuset, vart kyrkjesalen skildra som ein ”kvileplass” der menneske kan finne ”fred til å snakke med Gud”. Det var fleire som skreiv at dei fekk ro når dei var i dette rommet. Ei skreiv også at ho før ikkje hadde vore truande, men besøka til kyrkjesalen hadde ført henne til Gud. Tekstane viser

korleis det ytre rommet ser ut til å ha innverknad, på det som skjer i menneske sine indre ”rom” i bøn.

Bøn endrar den som ber

Å be blir i fleire av bønetekstane omtalt som å ”snakke med” Gud. Ordet ”snakke med” gjev inntrykk av at den som ber, har sine daglege samtaler med Gud, slik ein ofte vil uttrykkje seg i samtale med ein ven. Særskild i kvardagsbønene var der fleire som skreiv: ”Du (Gud) vet alt om livet mitt” eller ”Du hører min bønn hver dag”. I desse bønene er uttrykket ”snakke med” skildrande for korleis menneske uttrykkjer seg i bøn.

Teresa skriv at ho ”diskuterar” når ho skildrar samtalen mellom menneske og Gud. Det gjev assosiasjonar til ein samtale der det er ei brytning mellom ulike viljar. Også i dei skrivne bønetekstane var der bønener også som var langt meir insisterande, der den som bad hadde eit ynskje om å endre Guds plan eller vilje. Det kom særskild fram i bønener bedt i naud og i bønener om helbreding. Den som bad kunne vere usikker på om Gud ville la dei leve, og fleire av bønene synta at den som bad hadde ei førestilling om at det var Gud som fastsette tida for menneske sin død. Her er Teresa sitt uttrykk ”diskutere” ei betre skildring av korleis samtalen i nokre av bønetekstane kunne arte seg. Dei vende seg mot Gud og bad: La meg leve!.

I fleire av bønene var der ei von om at Gud skulle la seg påverke og endre sin plan. Nokre gonger delte dei kjensler i bøn som dei kanskje ikkje ville våge å dele ansikt til ansikt med den dei bad for. Det kunne vere gode kjensler, men også vonde tankar og kjensler. Dei skrivne bønene viser at bønener ofte ofte er utforma i løyndom mellom menneske og Gud. Både å ”snakke” og å ”diskutere” fordrar eit møte mellom eit ”eg” og eit ”Du”. I båe uttrykka er der er ei opning for at Gud kan respondere.

Ingen av dei skrivne bønetekstane var utforma som dialogar der Gud taler verbalt tilbake til menneske, såleis kan ein sei at desse bønener er monologar. Der var likevel bønener, særskild takkebønener, der den som bad hadde ei erfaring av at Gud hadde respondert på bønener fordi dei var blitt friske. Når Teresa skriv om korleis Gud responderer i bønener, skriv ho ikkje at Gud talar til mennesket. Gud responderar med indre gaver, som kjærleik, glede og fred. Seinare i skriftet skildrar ho i aukande grad bønener som ein tilstand, ein måte å vere saman med Gud på. I skriftet som heilskap får vi først og fremst teikna eit bilete av korleis menneske endrar seg i bønener, ikkje omvendt.

Gud i bøn

I den arkitektoniske metaforen Teresa brukar for livet i bøn, blir bøn skildra som porten inn til sjela og til Gud (s. 15). Det er ikkje alle som ber, skriv ho. Mange lever travle liv, og tar seg verken tid til å reflektere over kven dei er eller kor dei kjem frå. Å ikkje be er som å ikkje kunne svare på kven som er far eller mor si, eller å ikkje vite kva land ein er født i når nokon spør (s. 13). Bøn er her å forstå som ein metode for å bli kjend med seg sjølv og opphavet sitt.

I dei skrivne bønetekstane var det berre 76 bøner som åleine var vendt innover mot sjela og 67 bøner som hadde merksemda åleine vendt mot Gud. 61 bøner var vendt både innover mot sjela og oppover mot Gud. Innover og oppover var dei vendingane Teresa skildra måtte vere til stades for at noko skulle kunne kallast for bøn. Ho skriv at det ikkje er nok å berre ha ein samtale med seg sjølv, samtalen må vere vendt mot Gud for å kunne kallast for bøn (s.13). I det empiriske materialet, var dei aller fleste bønene vendt utover mot andre menneske, utan at den som bad relaterte til seg sjølv eller direkte til Gud i sjølve bøna. Er så denne måten å be på å rekne som bøn? Må der vere ein kontakt mellom eit ”eg” og eit ”Du” for at den indre dialogen skal kunne kallast for bøn?

Dei som har skrive bønetekstane ser ut til å forstå bøner der merksemda åleine er vendt mot andre, som bøn. Kanskje kan ein seie at i bønetekstar der den som ber ikkje nemner Gud i bøna, blir bøna likevel nemnd for Gud når den blir bedt for ved alteret. Såleis kan bøner som åleine er vendt mot andre definerast som indirekte former for bøn, men I Gudstenesta si forbøn blir dei inkludert i ei kommunikasjonsform mellom eit ”vi” og eit ”Du”.

Kjærleik i bøn

Teresa skriv også om begjæret i bøn. Ho skildrar to typar begjær. Det kroppslege begjæret, som får menneske til å flykte i tanken eller ynskje at dei hadde eit anna liv, omtaler ho som ei hindring i bøn (s. 35). Det er først når begjæret blir vendt mot Gud at begjæret kan bli til ei positiv drivkraft i bøn. Då vil den som ber gradvis lengte etter å vere saman med Gud, slik andre lengtar etter å vere saman med nokon dei elskar. Dei namna Teresa brukar om Gud, er mellom anna: ”true Lover” og ”Spouse” (s. 26). Dette var ord som i bønetekstane vart brukt når den som bad skildra relasjonen til

menneske dei var glade i. Ofte tok dei i brukte sterke emosjonelle uttrykk for å skildre kjærleiken i nære relasjonar: ”Min elskede kone” eller ”Min elskede venn”. Der var også bønetekstar der slike uttrykk var brukte i relasjon til Gud. Dei kunne skrive: ”Jeg elsker deg Jesus” eller ”Du er min aller beste venn”. Utsegna viser at det også var nokre av dei som hadde skrive bønelappar som brukte eit språk som liknar måten Teresa uttrykkjer seg i relasjon til Gud på.

Indre helbreding

I den første temakretsen i analysen var bønene relatert til kropp og helse. Ulike kroppsdelar og ulike diagnosar vart skildra. I Teresa si framstilling har kroppen ei sekundær rolle. Ho skildrar den som veggjar i sjela sine rom (s. 15). Ho stiller seg difor kritisk til dei som er for opptekne av kroppen. Sjela derimot skildrar ho som ei orientalsk perle, skapt som ei avbilding av Gud. Venleiken i den er utanfor rekkevidd. (s. 13). Ho skriv også at naturen er sårbar, men at mange brukar for mykje tid på å uroe seg for helsa. Det skaper angst (s. 22). Ho oppmodar difor til å legge frykta i Guds hand og uttrykkjer det slik: ”Let her remember, there are no better arms than those of the cross” (s. 27) og ” I say then, daughters, that we must fix our eyes on Christ, our only good, and there we shall learn true humility” (s. 20).

I bønetekstane var uttrykket ”I Guds hender” ofte brukte. Dei la menneske og ”alt” i Guds hender. Utrykket ”Guds hånd” er brukte i fleire av Bibelen sine salmar. Der står det mellom anna: ”I dine hender overgjev eg mi ånd” (Salme 36, v. 6) og ”i di hand er mine tider” (Salme 36, v. 16). Salmane i Bibelen blir ofte kalla for Bibelen si bønebok, og der er spor frå desse både i Teresa sin tekst og i dei skrivne bønetekstane.

Bøner om helbreding vart utskild som ein eigen type bøn. Teresa åtvarar mot å setje lit til mirakel i bøn. Ho skriv: ”...for these are not the mansions in which manna is rained down” (s. 27). Her referer ho til ein tekst i 2. Mosebok kapittel 16 der Gud let det regne manna frå himmelen, slik at Israelsfolket i audemarka ikkje skulle svelte. Sjølv om Bibelen har sine mirakel-forteljingar er det ikkje det Teresa meiner skal vere drivkrafta i bøn. Rett nok brukar også ho uttrykket: ”...the physician, who is God, will come and heal us, though he may delay a little” (s. 36). Sitatet er henta frå same

forteljing i 2. Mosebok 15: 26, der det står: ”For eg er Herren, lækjaren din”.¹⁴ Dette er den einaste staden i Bibelen der Gud er skildra som lækjar, og når dei i bønetekstane skreiv: ”Du Gud er den beste lege” er det kanskje ein referanse til denne teksten.

Når Teresa skriv om helbreding og omtaler Gud som lege er det indre helbreding ho siktar til. Slik kroppen er sekundær i hennar framstilling, er også helbreding av kroppen av sekundær interesse. Det er helbreding i sjela som kan hjelpe menneska til å møte den motgangen livet kjem med. Helbreding i sjela hjelper menneske til å leve med ubehag og til å fortsetje reisa mot Gud (s. 37).

Takk og velsigning i bøn

I dei skrivne bønetekstane var der 90 takkebøner og 87 bøner om velsigning.

Takksemd og velsigning har å gjere med det Teresa kallar for ”joys of heaven”, som er himmelske gåver (s.14). Takksemd og velsigning gjev menneske indre glede og fred.

I takkebønene, var takken ofte retta mot Gud. Dei takka for betring av helsa, for fødsjar og gode prøvesvar, for menneska dei deler liv med og for gleda over å vere til. Bønene er eit uttrykk for ei slik haldning, som Teresa meiner er avgjerande for å kome nærare Guds hjarte i bøn. Desse har forstått at det gode i livet kjem frå lyskjelda i sjela, og ikkje på grunn av eiga fortene (s. 18, 20 og 37).

Teresa går i rette med dei som meiner dei fortener velsigning og perfeksjonerer livet for å oppnå gunst hos Gud (s. 14). Dersom nokon meiner dei har gjort seg fortent til velsigning, kan Gud halde tilbake velsigninga for ei tid. Tap av velsigning må ikkje forvekslast med melankoli eller det å ha svak helse. Gud er særskild barmhjertig mot dei som er sjuke, skriv ho (s. 32).

Det var ikkje like lett å få tilgang til kva dei som bad om velsigning, meinte med sjølve ordet. Dei bad om velsigning for alle områder i livet, og mest for menneska dei lever saman med. Når Teresa brukar ordet, handlar det først og fremst om indre velsigning. Det dreier seg altså ikkje om å bli velsigna med materielle godar, arbeid eller familie. Igjen åtvarar ho mot å tru at Gud velsignar oss, fordi vi fortener det (s. 30). Den største velsigninga eit menneske kan ha, skriv ho, er å ha samkvem

¹⁴ Teksten er frå Det Norske Bibelselskap si omsetjing, 1978/75. I Bibelselskapet si nyaste omsetjing frå 2011 er teksten omsett med: ”For jeg, HERREN, er den som helbreder deg”.

med Gud. Ho skriv: "To be at last in security with the blessed" (s. 31). Ho avsluttar det tredje kapittelet med å velsigne han som velsignar. "May He be blessed forever" (s. 39).

Oppsummert kan vi sei at menneske ber for å bli kjend med seg sjølv og Gud. Teresa skildrar bøn som ei reise mot Gud og bøn er å forstå som sjølvvegen til Gud. I bønetekstane var der berre nokre få bøner som åleine var vendt innover mot sjølvvet og mot Gud, slik Teresa skildra det ho kalla for bøn. Dei fleste bønetekstane i det empiriske materialet var vendt utover mot andre. Desse bønene var å forstå som indirekte former som bøn. Når bønene vart inkludert i forbøna, blir dei inkludert i ein samtale mellom eit "vi" og eit "Du". . I bønetekstane er det nokre som skriv at dei ber for å snakke med Gud. Teresa skildrar bøn som ein hemmeleg diskusjon mellom menneske og Gud. Bøner som hadde med helsa å gjere, var ofte uttrykt på ein måte som synte at den som bad hadde eit ynskje om å overtale Gud til å skifte meining. I Teresa si framstilling er det menneske som endrar seg i bøn og ho åtvarar ho mot å setje si lit til overnaturleg helbreding. I bønetekstane var der få som bad fordi dei ynskte eit mirakel, men mange hadde eit ynskje om å bli frisk. Dei påkalla Gud som lækjar. Nokre av dei som bad, skreiv at dei elsker Gud. Kjærleiken til Gud var såleis ikkje berre tydeleg i Teresa sitt skrift, men også i nokre av dei skrivne bønetekstane. Menneske ber også fordi dei ynskjer å bli velsigna. Teresa avslører at nokre ber om velsigning fordi dei meiner dei fortener det. I dei skrivne bønetekstane ber dei i hovudsak om velsigning over andre menneske, og det er vanskeleg å sjå at dette er tilfellet i bønetekstane der dei ber om velsigning. Det ser meir ut som om dei ber ofor å få del i noko varig, ein kan kalle det for kvaliteter ved Gud, som vern, nåde og fred.

V. Oppsummering

Eg har i denne oppgåva undersøkt 888 bønetekstar som vart skrivne ned og lagt i ei bønekrukke ved Universitetssjukehuset i Stavanger mellom 2009 og 2013. I denne avsluttande delen av oppgåva vil eg oppsummere det eg har funne og det arbeidet har gjeve innsyn i.

Har analysen av drivkreftene i dei 888 bønene gjeve svar på det overordna spørsmålet om kvifor menneske ber? Dei skrivne bønetekstane kunne skildrast som eit stille, men ikkje ordlaust, språk. Kvar for seg var bønene korte, samla var dei eit arkiv på 49 på sider med bøn. Bønene har etterlate seg spor frå livet til den som har vore i kyrkjesalen og bedt. Det er tekstar som vitnar om at nokre av dei som er ved eit sjukehus ber, og tekstane syner at dei som ber vil noko med det dei ber om. Det var utgangspunktet for å undersøke om dei underliggjande drivkreftene i desse bønene kunne bidra til å forstå kvifor menneske ber.

Fleire dimensjonar ved bønene vart undersøkt, der type bøn og bøna si vending stod sentralt. Bønene kunne strukturert innanfor ulike temakretsar. Det var bøn om kropp og helse, bøn i nære relasjonar og bøn om Guds nærvær. Innfor dei ulike temakretsane var eg i stand til å identifisere ni ulike typar bøn. Det var bøner bedt i naud, bøner om helbreding, bøner om overgjeving, bøner for vener og familie, bøner om forsoning, bøner i sorg, kvardagsbøner, takkebøner og bøner om velsigning. 393 bøner var vendt utover mot andre, 76 bøner var vendt innover mot sjølv og 67 bøner var vendt oppover mot Gud. Dei øvrige bønene hadde fleire dimensjonar representert i ei og same bøn. Bønene si vending svarar til det som i van Deurzen si framstilling er omtalt som den fysiske, sosiale, personlege og andeleg dimensjonen. I bøn ser det ut til at menneske flytter seg mellom ulike dimensjonar, fordi dei lever i ulike røynder og brukar bøn som ein måte å integrere erfaring frå dei ulike dimensjonane på. Det at fleirtalet av bøner var vendt utover mot andre, kunne gje inntrykk av at fleirtalet av dei som ber ved eit sjukehus har ei altruistisk adferd. Ei undersøking av bøna si vending utover, i lys av Ulanov sine perspektiv, synte at når menneske ber for eit anna menneske, rører eksistensen til den som blir bedt for ved identiteten til den som ber. Bøner som einsidig er vendt utover, er difor ikkje eintydig

å forstå som ei form for altruisme. Der er ein nær samanheng mellom drivkrafta i innhaldet i desse bønene og drivkrafta i bønna si vending.

Livet er sårbart og menneske er avhengig av andre for å overleve. Det ser ut til å vere ei av årsakene til at menneske ber når dei er i naud. I bønetekstane bad dei om hjelp. Nokre gonger stod det om livet. Drivkrafta i desse bønene var eit inderleg ynskje om å leve. Menneske er fødd med instinkt og emosjonar som gjer at dei frå fødselen av vender seg utover mot mor for å få tilfredstilt sine grunnleggjande behov. Dei same instinkta og emosjonane trer i kraft i bøn, og er eit uttrykk for bøn som "primary speech" Det kan vere grunnen til at nokre av dei som skriv bønetekstar ved sjukehuset, som før ikkje har hatt for vane å be, finn seg sjølv i å be når dei er i naud. Nokre skriv at dei ber mot ein Gud dei ikkje heilt veit kven er.

Kompetansen og behandlinga ved eit moderne sjukehus, har gjort det mogeleg å forlengje livet på trass av sjukdom. I mange av bønetekstane bad dei om å bli friske. De bad også for helsepersonell, først og fremst for lækjaren, men dei ville også ha Gud med i behandlinga. Drivkrafta i desse bønene var å få leve ei tid til, saman med sine kjære. Dei ville noko meir enn å overleve. Dei ville kome heim, ha livskvalitet, gifte seg og få barn. Nokre få brukar ordet "mirakel", fleire brukar ordet "helbred" og dei fleste brukar orda "bli frisk". Det kan sjå ut som om det er ulike grader av overnaturlig inngrep dei ber om. Fleire omtaler Gud som den beste lækjaren. Uttrykket er henta frå Bibelen. I bøn blir tema som har med helsa å gjere, rekna for å vere tema som menneske har lett for å be om. I bønner om helbreding var både psykiske og somatiske lidingar representert. Kreft var den sjukdomen som oftast var nemnd i tekstane.

Menneske ved sjukehuset ber, fordi dei nokre gonger må fylje sine næraste inn i døden. Pårørande var i kyrkjesimalen, nokre gonger like før eller like etter eit dødsfall. Dei overgav den døde i Guds hender. Bønene kan ha vore drivne av frykt for det ukjende der særleg uttrykket "Guds hender" blir ein måte å overgje frykta i bøn på. Uttrykket er henta frå Bibelen og såg i tekstane ut til å vere ei erkjenning av at den døde er avhengig av noko utanfor seg sjølv for at livet etter døden skal bli realisert. Det var ingen som bad om frelse for den som skulle dø. Dei bruka heller ikkje "himmelen" som nemning for den staden der den døde er. Fleire skreiv at dei trudde den døde var saman med andre som har gått føre dei inn i døden. Bønene var motivert av ei von om å sjå den døde igjen. Nokre hadde også ei førestilling om ein fysisk dimensjon etter døden. I fleire av tekstane samtala dei med den som var død, og i

nokre av bønene skildra dei fysisk den døde, i ei anna verd. Bøn såg ut til å fungere som ei bru over til denne verda.

I dei skrivne bønetestane var der flest bøner som var vendt utover mot andre. Desse bønene høyrer heime i den sosiale dimensjonen ved livet. Her bad dei for menneske i det sosiale nettverket sitt. Foreldre-barn relasjonar var oftast var nemnd i desse bønene. Jamstilte relasjonar som ektefelle og vener var bedt for om lag halvparten så ofte. Relasjonen til våre føresette spelar ei sentral rolle for korleis vi seinare i livet relater til andre, også til Gud i bøn. Språket i desse bønene var ofte prega av lengt og sakn. Dei skreiv kor høgt dei elska og kor djupt dei sakna. I konteksten av eit sjukehus lever den som er innlagt borte frå sine næraste. Avstanden såg ut til å aktivere medvitnet om verdien av eit anna menneske, familien eller vener. Dei positive kjenslene var dominerande i denne type bøn. Kjenslene kan skildrast som eit kompass som uttrykkjer kvaliteten i relasjonen til eit anna menneske. Kjærleik og takksemnd var kjensler som ofte var skildra i bønene. Kjærleiken kan vere vanskeleg å oppretthalde når den eine parten i relasjonen er sjuk. I lys av den situasjonen mange på sjukehuset er i kan positive kjensler i bøn gje ei kjensle av oppdrift som styrkar viljen til liv. Menneske ser ut til å be for andre, for å komme i kontakt med dei menneska som har verdi for ein. I bøn kan ein erfare nærleik til menneske på avstand. Slik kan bøn vere eit vern mot einsemd og styrke identiteten til den som ber.

Menneske ber fordi dei lever med konflikhtar i nære relasjonar. Det tappar dei for energi, skaper sår og uro for alle dei som er involverte. I bøner om forsoning, vart både relasjonen til søsken, andre familiemedlemmar og samlivet mellom par skildra. Nokre gonger bad dei for barn som foreldre ikkje lenger hadde kontakt med. Felles for desse bønene var eit ynskje om forsoning, eit ynskje om å vere ein heil familie og nokre gonger eit ynskje om at Gud må tilgje. Fleire bar på erfaringar der ein hadde sagt eller gjort noko som hadde såra andre. Nokre gonger bad dei syndsvedkjenninga som blir brukt i kyrkja sin liturgi. Desse bønene var i større grad drivne av sorg enn av konflikt. Det å høyre til, det å vere ein del av eit større fellesskap, var drivkrafta i fleire av bønene om forsoning. Det å kome heim, eller å kome tilbake, har samanheng med eit ynskje om å finne indre fred eller ro. For nokre er bøn ein måte å finne ro på, såleis kan bøn gje ei kjensle den som ber manglar eller søkjer, sjølv om bøn i nokre høve er retta mot den som er på avstand. Kanskje er det her mogeleg å sei at menneske ber om forsoning for å finne indre fred eller kvile.

Menneske ber når dei er i sorg. I sorg kan bøn fungere som eit bindeledd over til ei anna verd. Bøn kan også fungere som ei form for emosjonell avlastning. Ein stad der ein kan uttrykkje sorg eller sagn. Sorg blir gjerne skildra som ei negativ kjensle. Nokre gonger kan bøn vere ein måte å tømme seg for det som er vondt på, og slik førebur den som er i sorg seg på å ta imot nye menneske i framtida. Mange av bønene i sorg var vendt innover mot sjølv og oppover mot Gud. Nokre gonger førte dei ein samtale med den døde i bønna. Drivkrafta såg ut til å vere eit ynskje om kontakt. Nokre gonger bad dei til Gud eller Jesus som såg ut til å få ein funksjon som bindeledd over til den verda der dei førestilte seg, at den døde var.

Menneske ber fordi dei vil ha del i det heilage i det alminnelege livet. I kvardagsbønene bad dei om at Gud måtte vere med gjennom dagen og natta, gjennom veka og helga, og på særskilde høgtider og merkedagar gjennom året. Drivkrafta i desse bønene var at Gud skulle vere der på ulike måtar, som eit nærvær eller ei erstatning. Dei bad om at Gud skulle vere der med styrke, fred, visdom eller von, kvalitetar dei rekna med Gud kunne gje. Nokre ber fordi dei vil ha Gud som ven, andre bad om at Gud skulle bli ein del av livet igjen. Menneske ber også fordi høgtider ser ut til å generere omsorg for andre menneske som lir. Menneske ber difor også nokre gonger for menneske dei ikkje kjenner personleg. Menneske vil ha Gud med i livet, og søkjer noko meir enn "health", "wealth" and "self". Dei vil bli rørt ved av noko som er heilag. I denne type bøn, var bønene ofte vendt oppover, og nokre gonger også utover eller innover. Ofte var dei vendt mot fleire dimensjonar samstundes.

Menneske takka i bøn, fordi dei såg ein samanheng mellom det gode i livet og Gud. I takkebønene gav dei ofte Gud æra for gode prøvesvar, for eit velskapt barn, for at dei er friske og kan reise heim eller for god behandling dei har fått. Bønene er eit uttrykk for ei audmjuk haldning, både til livet og til Gud. Ei haldning som fører menneske nærare Gud. Bøner med takksemd, er også uttrykk for kjensler som gjev oppdrift. Nokre gonger ber dei takkebøner for fordi dei gler seg over å vere til og over menneska dei får dele livet med. Bønene er ofte vendt mot Gud indirekte. Ofte stod det berre takk på lappen. Ei sentral drivkraft i desse bønene var glede.

Velsigning i dei skrivne bønetekstane er eit ord som er henta frå Bibelen og som i bønetestane vart brukt i bøner over land og folk, i ulike situasjonar og over menneske i nære relasjonar. Desse bønene kan tolkast som eit uttrykk for at dei som ber er kjend med den kristne tradisjonen. Med unntak av ei bøn, hadde alle bønene om

velsigning, merksemda retta utover mot andre menneske. Dersom det er slik at den som bad om velsigning, refererte til den aronittiske velsigninga, er desse bønene å forstå som bøner om vern, nåde og fred. Det dreier seg såleis om indre velsigning, kvalitetar av varig karakter, og ikkje ytre velsigning i form av materielle godar.

Menneske ber om velsigning, fordi dei ynskjer å ha Gud nær livet og fordi dei ynskjer ei heilag berøring i livet og i døden. Slik kan nokre av grunnane til at menneske ber, i lys av drivkreftene i bøn, skildrast.

Referanseliste

Arinze, F. (2010). On the importance of personal prayer in Christian life.

L'Osservatore Romano. Lastet ned 12.08.2015 frå

<https://www.etwn.com/library/Prayer/arinzpers.htm>

Avila, Teresa of (1577/2015). *The Interior Castle*. Oversatt av John Dalton. London: Aeterna Press.

Bibelen, Den Hellige Skrift (2011). Oslo: Bibelskapet.

Capps, D. (1982). The psychology of petitionary prayer. *Theology Today* 39(2): 130-141.

Cunningham, L.S. og K.J. Egan (1996). *Christian Spirituality: Themes from the Tradition*. Mahwah, NJ: Paulist Press.

Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH) (2006). Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi. Tilgjengelig på: <https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/>, lastet ned 29.09.15.

Frohlich, M. (2010). Teresa of Avila (1515-82), *The Interior Castle*. I: Arthur Holder (red.), *Christian Spirituality: The Classics*. London & New York: Routledge, ss. 209-220.

Gudstenestebok for Den norske kyrkja (1996). Oslo: Verbum.

Hayward, S. (2005). Psalms. In: Sheldrake, P. (red.) *The New Westminster Dictionary of Christian Spirituality*. London: SCM Press, ss. 513-15.

Jantos, Marek (2012). Prayer and meditation. I: *Oxford Textbook of Spirituality in Healthcare*, Ch. 49, (red.) M. Cobb, C.M. Puchalski og Bruce Rumbold, ss. 359-365. Oxford: Oxford University Press.

Kaufmann, Geir og Astrid (2009). *Psykologi i organisasjon og leiing*. Bergen: Fagbokforlaget.

Ladd, K.L, og B. Spilka (2013). Prayer: a review of the empirical literature. I: *APA Handbook of Psychology, Religion, and Spirituality*. Vol. 2: An Applied Psychology of Religion and Spirituality. Kenneth I. Pargament (Editor-in-Chief), Ch. 16, ss. 293-310. American Psychological Association.

Lied, S. og S. Undseth Bakke (2013). Canon and archive in messages from Oslo Cathedral Square in the aftermath of July 22nd 2011. *Nordidactica - Journal of Humanities and Social Science Education*, ukjent årgang, hefte 1, ss. 34-56.

Repstad, P. (1998). *Mellom nærhet og distance: Kvalitative metoder i samfunnsfag*. 3. utg. Oslo: Universitetsforlaget.

Ricœur, Paul (1986). Hva er en tekst? Å forstå og forklare. I: *Hermeneutisk lesebok*, Sissel Lægred og Torgeir Skorgen (red). Oslo: Spartacus Forlag, ss. 59-79.

Ruud, Torun Eskevik (2010). *Skriving – kreativt selvuttrykk, ritual og terapi: En studie av utvalgte tekster fra Gjesteboen i Stille rom, Oslo Lufthavn*.

Schjoedt, U., H. Stødkilde-Jørgensen, A.W. Geertz og A. Roepstorff (2009). Highly religious participants recruit areas of social cognition in personal prayer. *Social Cognitive Affective Neuroscience* 4(2): 199-207. Tilgjengelig på <http://www.ncbi.nlm.nih.gov/pmc/articles/PMC2686228/>, lastet ned 29.09.15.

Spilka, B. og K.L. Ladd (2013). *The Psychology of Prayer*. New York: The Guilford Press.

Søndenå, K. (2006) Teksten arbeider – om forsøket på å skrive levd – i levande live. I: Brekke, M. (red), *Å begripe teksten: Om grep og begrep i tekstanalyse*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Ulanov, A. og B. (1982). *Primary Speech: A Psychology of Prayer*. Louisville & London: Westminster John Knox Press.

Van Deurzen, E. (2010). *Everyday Mysteries: A Handbook of Existential Psychotherapy*. Second edition. London & New York: Routledge.

Willows, D. og J. Swinton (2000). *Spiritual Dimensions of Pastoral Care: Practical Theology in a Multidisciplinary Context*. London & Philadelphia, PA: Jessica Kingsley Publishers.

Woodward, J. og S. Pattison (2000). *The Blackwell Reader in Pastoral and Practical Theology*. Oxford: Blackwell.

Yalom, I.D. (1997). *Kjærlighetens bøddel og andre terapeutiske fortellinger*. Oversatt av Kjell Olaf Jensen. Oslo: Pax.

Appendix 1. Analyse av type bøn og vendinga i bønene i tre ulike temakretsar

Temakrets	Type	Inn	Ut	Opp	Inn/ ut	Inn/ opp	Ut/ opp	Inn/ opp/ ut
		76	393	67	32	61	163	96
<i>Kropp og helse</i> Totalt: 286	Nød Helbreding Overgjeving	32	131	9	9	24	55	26
<i>Nære relasjonar</i> Totalt: 298	Familie og vener Forsoning Sorg	7	207	3	12	9	36	24
<i>Guds nærvær</i> Totalt: 304	Kvardag Takk Velsigning	37	55	55	11	28	72	46